ÅRSMELDING 2013

SOGN OG FJORDANE SAU OG GEIT

28 FEBRUAR – 1 MARS 2014

GODE SMÅFEHALDARAR!

Nok eit år er omme, og mange i næringa kan sjå tilbake på 2013 som eit spesielt utfordrande år. Etter ein svært lang og krevjande vinter og vår, med frose vatn, frose- og kanskje knapt med fôr, lang innefôringsperiode og manglande vårbeite, opplevde mange at store delar av bøane var skada av isbrann. Dette har igjen ført til reduserte avlingar og stor trong for kjøp av grovfôr. Ein av konsekvensane av dette er at ein del av dei som driv i kombinasjon med mjølkeproduksjon, har redusert tal vinterfôra sauer. Dette er forståeleg, men ikkje bra med tanke på utviklinga i sauenæringa. Håpet er at dei aukar opp att, når fôr situasjonen normaliserar seg.

Prosjektet «Sau i pluss» er komme i gang, og har pr. i dag fått på plass to visningsfjøs. Det er bra, og ein håpar prosjektet kan bidra auka satsing innan sauehaldet. Det same gjeld «Saueprosjektet» i Lærdal, Aurland og Årdal som er eit spennande prosjekt med fokus på sau og bruka av utmarksressursar.

Med unntak av Leikanger/Sogndal området så har vi ikkje hatt dei store tapa til freda rovvilt dette året, men her lyt vi heile tida vere på vakt, slik at vi får meldt inn eventuelle spor/sportegn.

«Geit i vekst» , eit samarbeidsprosjekt mellom Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane Sau og Geit, vart avslutta 31.12.13, etter 7 år. Prosjektet har hatt stor aktivitet i perioden. Målsetinga med prosjektet var fornying av driftsapparatet, sterkare satsing på geitemjølk produksjonen og at vestlandsregionen skulle oppnå å få etablert ein frisk geitepopulasjon. Resultat: 100 % elitemjølk levert Tine Vest i oktober 2013. Eg har stor respekt for den innsatsen som geitebonden har lagt ned i høve sanneringsarbeidet, som har vore ein svært tøff periode, der heile den «gamle» buskapen skulle slaktast, kje «snappast» og bygningar sannerast.

Utfordringa framover vert marknadsføring og auka sal av geitemjølk produkt, slik at den gode mjølka vert nytta på best måte. Ein slit nok enda med gamle fordommar når det gjeld «geitesmak», så her bør ein satse på «smaksprøvar» i butikkane og ved alle andre høve.

Ein har i løpet av 2013 sendt ut 4 medlemsinfo til lokallaga, i tillegg til at info og styremøtereferat vert lagt ut på heimesida til SFSG fortløpande. Dette for å betre informasjonsflyten. Forslaget til innspel til jordbrukstingingane 2014 vart sendt ut på høyring til alle lokallaga. I tillegg har ein bede lokallaga og andre aktuelle, om innspel på kandidatar til mellom anna nytt avlsutval sau. Dette for at lokallaga skal få vere med å påverke det som styret i SFSG jobbar med. Kyrkjebø Sau og Geit vart utfordra til å lage eit opplegg for fagtur. Dette gjorde dei på ein fortreffeleg måte, og vi som deltok fekk ei flott oppleving.

Leiarsamlinga vart arrangert i lag med Møre og Romsdal Sau og Geit. Felles samlingar er nyttige med tanke på felles utfordringar.

2014 står no føre oss med nye utfordringar, og det er håpe at det vert mindre utfordrande enn 2013 for småfehaldarane. Vi har fått ny regjering, og det vert svært spannande å sjå kva signal som kjem ved jordbruksforhandlingane til våren.

Eg er stolt over medlemar og lokallag som stiller opp og får til aktivitetar for småfenæringa, som til dømes kåringssjå og fjøsmøter. Eg er og stolt over å vere småfehaldar.

Lukke til med årsmøte

Ragnhild Sæle

VELKOMMEN TIL ÅRSMØTE 2014
SOGN OG FJORDANE SAU OG GEIT

Sogn og Fjordane Sau og Geit inviterar til årsmøtesamling på Skei hotell

28. februar- 01. mars 2014

PROGRAM

Fredag 28. februar

12.00 Lunsj

13.00 Åpning v/leiar
Åpning v/ordførar i Stryn Sven Flo

13.30 Årsmøte
Saksliste etter vedtektene

17.00 Film, sauehald i gamle dagar

19:30 Middag

Lørdag 01. mars

09.00 Lokallagas time

10.00 Bønder som blir råka av naturskade:

Vi har dei siste åra hatt mange ulike skadar som har si årsak i ekstremvær. Bønder som grunneigarar blir hardt råka. Kva moglegheiter har bonden til å få hjelp? Me har fått med oss Per-Asbjørn Andvik frå Gjensidige, fylkesmannen og Atle Førde (naturskade)for å komme nærmare svar på dette.

13.00 Lunsj

Påmelding: Frist 23. februar
Lene Engvik Rasch, sekr.sognogfjordane@sauoggeit.no, tlf: 97736176 eller:
Ragnhild Sæle, Ålhus, leder.sognogfjordane@sauoggeit.no, tlf. 41633342



Prisar overnatting

1/1 pensjon i dobbeltrom pr. pers. pr. døgn	kr 990,-
1/1 pensjon i enkeltrom pr. døgn	kr 1140,-
Tillegg for ekstra lunsj avreise dag	kr 275,-

Dagpakkar for dei som ikkje overnattar

Dagmøte med kaffe/te/frukt og lunsj	kr 395,-
Dagmøte kaffe/te/frukt	kr 155,-
Middag u/overn, i tillegg til dagpakke	kr 350,-

Årsmøte 28 februar 2014

Sakliste:

1. Namneopprop
2. Godkjenne innkalling, sakliste og forretningsorden.
3. Velje to representantar saman med møteleiaren til å skrive under møteprotokollen.
4. Handsame Årsmelding for 2013
5. Handsame rekneskap og revisjonsmelding.
6. Handsame arbeidsplan for 2014.
7. Innkomne saker.
8. Handsame og vedta budsjett for 2014.
9. Val etter vedtektene. Sjå forslag frå valnemnda.
   - Fastsetje godtgjersle
10. Velje medlem til valnemnda med vara.

Årsmelding frå styret i Sogn og Fjordane Sau og geit

Styret 2013

Ragnhild Sæle - leiar

Lars Nesse - nestleiar

Rune Myklebust – styremedlem, fokus på geit

Eva Høydal – styremedlem, fokus på gjetarhund

Lene Engvik Rasch, sekretær

Vara medlemmar

1. vara: Kjell Olav Kusslid, Førde

2. vara: Margrethe Garlid, Stryn

3. vara: Vidar Sandal, Breim

4. vara: Mirjam Friberg, Selje

Revisorar

Magnar Juklestad

Inge Erikstad

Vararevisor

Ove Årdal og Jon Helge Sandal

Valnemda for 2014

Dag Arne Hjelle, leiar

Marit Henjum Halsnes

Åse Leirgulen

Vara til valnemda

Linda Alsaker

Sigurd Vikesland

Kasserar

Mirjam Friberg

Webansvarleg

Jonny Lofnes

Det er 48 lokallag i 2013 som i 2012.

I år er det 1076 medlemmar i fylke, ein nedgang på 2 medlemmar frå 2012.

I 2013 er det halde 6 styremøte. Noverande styre har hatt 8 styremøter, og handsama 59 saker.

Møtene er halde på Felleskjøpet i Skei, kor me har fått nytta møtelokale gratis. Me takkar Felleskjøpet for velviljen.

Representasjonar

Styremedlemmane har delteke på diverse møter og arrangement. Frå fylket er Ragnhild Sæle varaordførar i representantskapet, og Sigurd Vikesland er styremedlem i sentralstyret.

Info frå SFSG

Referata frå styremøtene har blitt lagt ut på heimesida fortløpande, det gjeld og for referat frå arrangement i regi av SFSG. Det er send ut fire medlemsskriv i 2013: mars, juni, september og desember. Ligg i årsmeldinga.

Gjetarhund nemnda.

Etter årsmøte i fjor er det skipa 3 gjetarhundlag i fylket. Styre her består av ein frå kvart gjetarhundlag og ein frå styre.

Sjå eiga årsmelding.

Avlsutval-sauegruppe.
Etter innspel frå Lokallag og væreringar vart nytt avlsutval/sauegruppe oppnemnt av styre med Tom Idar Kvam som leiar. Gruppa kom med innspel til jordbruksforhandlingane på styremøte i november.
Det er enno ikkje utarbeid mandat for gruppa. Dette må gjerast snarast i fellesmøte med det nye styre.
Sjå eiga årsmelding.

Geitegruppa
Medlemane her er Sigurd Vikesland, Ragnvald Søgnesand, Vidar Sandal, Ingolf Folven, Ola Søgnesand, Eva Høydal og Rune Myklebust. Geitegruppa har jobba med ulike saker der ein prøver å påverke. Mot Tine : nye produkt av geitemjølk, samt marknadsføring og sal av eksisterande produkt er ei slik sak, Staten si finansiering av prosjekt Friskare Geit var ei anna. Forslag til uttale i høve Jordbrukstingingane vart som vanleg skrive av Ola Søgnesand, Geit i Vekst. Denne vart drøfta av Geitegruppa før den vart vidaresendt til styret i SFSG.
På nyåret hadde ein møte med fokus på Geitedagane 2014. Der kom ein med innspel til opplegg, til fagleg program / tema m.m. og til ulike tur alternativ ein vil invitere deltakarane med på.

Aktivitetar

Helse og velferd i lamminga
Vidareføring frå 2013: Lokallaga får dvd en Helse og velferd i lamminga, og kr 500 i stønad viss dei har eit møte, og kr 1000 viss dei har to møter. Det er fylkesmannen som betaler ut stønaden. Kriterier: Dokumentere møtedato, namna på dei som møtte, og litt om erfaringane. Sendast til sekretæren i SFSG.

Småfesamling i Førde fredag 10.- laurdag 11. januar

SFSG var med arrangør på denne samlinga, arrangert av Nortura. Det var eit godt oppmøte på samlinga, og mange engasjerande tema. Mellom anna: Ola Flaten, NILF: korleis få folke til å halde fram med sau, innlegg frå Sveinung Svebestad, styreleiar i Nortura, Sikringsradioen ved Ole Petter Skjerven, og info frå Grete Ringdal, Sauekontrollen.

På laurdag fekk me innblikk i bruk av Findmysheep: satellitt sporing av husdyr, info frå Sau i pluss, og oppsummering av beitesesongen ved Liv Astrid Norheim Kusslid.

Tur til Høyanger Sørside 15.- 16. juni
Kyrkjebø Sau og Geit ved Leif Brekken hadde teke på seg å lage program for turen. Mellom anna besøkte me Anders Brekke i Ortnevik, kor me både fekk kome inn i ei heimelaga stavkyrkje og eit minikraftverk. Neste stopp var det til kveiteoppdrett i Slantevik, og deretter til omsyning på Østerbø maskin. Neste dag besøkte vi geitebruket til Terje Vedå på Kringla. Det var ikkje vanskeleg å sjå at det var erfarne kulturlandskapspleiarar der i garden, området rundt var ope og fint. Kulturlandskapspleie var og tema på neste stopp, denne gangen med sau på Sætre. Siste stopp var Massnes villmarksmuseum. Høgdepunktet var tiurleik med ein ti-årsgamal tiur med svekka syn. I løpet av turen fortalte Leif Brekken litt om "Pilotprosjektet" om alveld, som er starta opp på Høyanger sørside. Takk til Leif Brekken og Kyrkjebø Sau og Geit for eit flott og interessant opplegg! (Sjå heimesida for heile referatet).

Leiarsamling i Sæbø 25.- 27. oktober
SFSG og MRSG heldt leiarsaminga i lag på Sæbø i nærleiken av Ørsta. Første dag presenterte slakteria i området seg: Ole Ringdal AS, Nordfjord kjøt, og Nortura. Forsikring var neste tema. Tom Idar Kvam fortalde om eigne erfaringar når naturkreftene slår til, og problem med forsikringsselskapet i etterkant. Sekvensen vart avslutta med Knut Bertil Øygard frå Gjensidige Nordmøre og Romsdal.
Neste dag besøkte me Volda elektriske mylna, Tussa kraftverk, og middelaldergarden Bakketun, før programmet blei avslutta med lysbildeframsyning med spektakulære bilete frå fjorden, fjella og sauesanking rundt Hjørundfjorden.
Under middagen tok Ragnhild Sæle ordet, og på vegne av fylkesstyret overrekte ho ein inngravert kniv til Kjell Mardal, ein av supervervarane 2012.

På søndag starta Ola Søgnesand starta dagen med ei kort oppsummering av prosjektet Geit i Vekst. Jordbruksforhandlingane var neste tema, og me blei einige om å levere inn felles innspel til NSG. Til slutt var det presentasjon av to av lokallaga som var representerte, Stranda Sau og Breim Sau og Geit Me som var til stades denne helga opplevde det som veldig nyttig at begge fylka samlast. Me takkar Møre og Romsdal Sau og Geit for ei triveleg og lærerik helg! (Sjå heimesida for heile referatet).

Geitedagane 2014, Skei Hotell, Jølster, 22 – 24 august.

Dette er eit årleg arrangement som går på omgang i Tine sør –aust –vest og –nord. Geitedagane betyr mykje for fagleg oppdatering, inspirasjon og motivasjon for produsentar, rådgjevarar og andre fagfolk knytt til geitenæringa. I 2014 er det Tine Vest sitt område som står for tur. Rep. frå Tine, frå Fylkesmennene og frå Sau og Geit i fylka sette ned ei arbeidsgruppe med ansvar for arrangementet :

Randi Erdal frå Fylkesmannen, Sigurd Vikesland frå NSG, Astrid Tronstad Dyrkorn frå MRSG, Rune Myklebust frå SFSG, og sekretær er Ola Søgnesand frå Tine. Etter å ha vurdert ulike alternativ har arbeidsgruppa fastlagd at Geitedagane blir på Skei Hotell , 22 – 24 august.

Førebels er lite av programmet klarlagt - men i løpet av våren skal vi sende ut invitasjon til det vi meiner skal bli ei kjekk helg med gode og inspirerande faglege og sosiale opplevingar.

Frå kåringa i Vik Anders Hønsi

Sogn og Fjordane Sau og Geit Regnskap 2013- budsjett 2014	Regnskap 2012	Budsjett 2013	Regnskap 2013	Budsjett 2014
INNTEKTER				
Medlemskontingent	270 665	273 000	271 920	273 000
Salgsinntekt Annonse årsmelding	27 500	20 000	17 500	25 000
Salgsinntekt sponsing ledersamling			19 000	
Inntekt Gjeterhundnemda	3 130	8 000	11 760	10 000
Inntekt avlsutval sau kåring	151 266	150 000	117 600	150 000
Tilskudd offentlig/fylkesmannen	21 000	60 000	29 500	40 000
Tilskudd fylkeskommunen (småfeholdere)		11 000		11 000
Geitedagane 2014				
Andre inntekter	10 800	10 000	2 700	15 000
Sum driftsinntekter	**484 361**	**532 000**	**469 980**	**524 000**
KOSTNADER				
Telefongodtgjørelse leder	3 000	3 000	3 000	3 000
Telefongodtgjørelse sekretær	1 500	1 500	1 500	1 500
Godtgjørelse til leder	11 000	11 000	11 000	11 000
Godtgjørelse til sekretær	4 000	7 000	7 000	7 000
Godtgjørelse til Web ansvarlig	833	4 000	4 000	4 000
Regnskapshonorarer	12 000	12 000	12 000	12 000
Reiseutgifter/diett/møtegodtgj	141 769	145 000	139 089	150 000
Arbeidsgiveravgift hovedstyre	8 512	10 000	9 623	12 000
Utgifter Avlsutvalget sau	132 003	160 000	111 070	160 000
Utgifter Gjeterhund	2 634	18 000	18 657	20 000
Kjøp av datautstyr		7 000	6 898	
Kjøp T-skjorter for videresalg og gaver	12 800			
Årsmelding	9 430	10 000	9 835	10 000
Årsmøtehelg	42 374	25 000	27 105	30 000
Kontorrekvisita/porto med mer	1 733	2 000	435	2 500
Møte fagtema/kurs i lokallag	34 197	70 000	26 701	48 000
Møte ledersamling	29 167	15 000	31 744	15 000
Gaver/helsingar med meir	3 770	12 000	6 815	12 000
Støtte til Prosjekt Geit i Vekst	10 000	10 000	10 000	
Geitedagane 2014				15 000
Samling nye småfeholdere		11 000		11 000
Støtte div tiltak	475	4 000	500	
Andre utgifter	1 660	2 500	2 448	10 000
Sum driftsutgifter	**462 857**	**540 000**	**439 420**	**534 000**
Renteinntekter	7 196	8 000	10 992	10 000
Sum utgifter	**455 661**	**532 000**	**428 428**	**524 000**
Resultat	28 700	0	41 552	

Balanse pr. 31.12.13		
Spb Sogn og fjordane 3703 20 15213		98 918
Spb Sogn og fjordane 3703 61 15409		322 381
Spb Sogn og fjordane 3705 05 09836 (skatt)		28 698
Spb Sogn og fjordane 3705 18 24831 (fond)		15 251
Utestående krav		49 990
Sum eiendeler		**515 238**
Gjeld pr. 31.12.13		69 534
Egenkapital		445 704
Sum gjeld og egenkapital		**515 238**

Mirjam Friberg	Ragnhild Sæle	Magnar Juklestad	Inge Erikstad
Kasserer	Leiar	Revisor	Revisor

Frå Fylkesmannen

Me tok i dag ein gjennomgang på fordelinga på Kode 137 – vaksne sauer over 1 år – for søknadsomgangen januar 2013 i Sogn og Fjordane.

1-49: 27343 sauer – 1134 bruk
50-74: 14502 sauer – 240 bruk
75-99: 9078 sauer – 105 bruk
100-124: 7323 sauer – 68 bruk
125-149: 2699 sauer – 20 bruk
150-199: 1381 sauer – 8 bruk
Over 200: 1370 sauer – 5 bruk

Venleg helsing

Liv Astrid Nordheim Kusslid
Fylkesagronom

Årsmøte for 2013, Sogn og Fjordane Sau og Geit

28.februar 2014 på Skei Hotel.

Valnemnda sitt framlegg:

Styre

Ragnhild Sæle, Jølster ,	**leiar på val 2014. Attval for 1 år**
Lars Nesse, Lærdal, **nestleiar**	Ikkje på val til styret. **Attval som nestleiar for 1 år.**
Lene Engvik Rasch, Aurland, sekr	Ikkje på val
Jo Risløv, Vik i Sogn	**Ny for 2 år**
Odd Jarle Øvreås, Holmedal	**Ny for 2 år**

Varamedlemmar

1. **Vidar Sandal, Breim** **Attval for 1 år**
2. **Margrethe Garlid, Stryn** **Attval for 1 år**
3. **Jostein Flatland, Sogndal** **Ny**
4. **Mirjam Friberg ,Selje** **Attval for 1 år**

Revisorar		**Vara for revisorar**	
Magnar Juklestad, Jølster	**Attval for 1 år**	**Ove Årdal, Jølster**	**Attval for 1 år**
Inge Erikstad, Jølster	**Attval for 1 år**	**Jon Helge Sandal, Jølster**	**Attval for 1år**

Møteleiar for 2015

Halvar Espeset, Askrova

Vara
Johan Berge, Stryn

Framlegg til nye godtgjersler:

Godtgjersle til leiar	Kr 13 000	**Ny**
Godtgjersle til sekretær	Kr 7 000	
Møtegodtgjersle pr møte	Kr 1 000	
Telefongodtgjersle til leiar	Kr 1 000	**Ny**
Telefongodtgjersle til sekretær	Kr 500	**Ny**
Telefongodtgjersle styremedlem	kr 500	**Ny**

Køyre- og passasjergodtgjersle etter statens regulativ.

Dag Arne Helle	Marit Henjum Halsnes	Åse Leirgulen
-sign-	-sign-	-sign-

Lagsnamn	Leiar	e-post	Tlf.nr	Med.
Arnafjord saualslag	Olav J. Dale	olav.dale@sogn.no	917 10 513	5
Askrova saualslag	Andre Espeseth	andreespeseth@live.no	958 83 030	13
Askvoll Sau og Geit	Noralf Høydal	nohoey@online.no	577 32 808	27
Aurland Sau og Geit	Sigurd Vikesland	sigurd.vikesland@online.no	994 52 918	38
Breim Sau og Geit	Vidar Sandal	vidar.sandal@enivest.net	948 31 201	35
Brekke Sau og Geit	Rolf Borlaug	rolf.borlaug@enivest.net	970 37 574	14
Bygstad Sau og Geit	Lars Fauske	lars.fausken@gmail.com	901 22 305	11
Bremanger Sau og Geit	Åse Leirgulen	ase.leirgulen@lr.no	909 67 726	22
Eid Sau og Geit	Arve Dal	idaelohr@hotmail.no	416 39 147	55
Eikefjord Sau og Geit	Marianne Kvalvik Kvamme	markvalv@online.no	906 08 537	20
Feios Sau og Geit	Rune Lunde	lurune@hotmail.com	995 73 370	6
Fjorden og Dale Sau og Geit	John Øvrebø	joevrebo@online.no	913 32 837	16
Fjærland Saualslag	Endre Distad	endredistad@hotmail.com	952 69 217	11
Flekke Sau og Geit	Peter Kåre Igelkjøn	peterkareigelkjon@yahoo.no	977 51 063	11
Fresvik Sau og Geit	Rune Hatlelid	runehatleli@gmail.com	416 29 821	11
Førde Sau og Geit	Per Ravndal	p-rav@online.no	913 04 334	54
Gaupne Sau og Geit	Elling Lillesvangstu	6868 Gaupne		8
Gloppen Sau og Geit	Kjell Mardal	kdma@online.no	976 63 197	54
Guddal Sau og Geit	Øystein Osland	Ekornlia 11, 6814 Førde	416 86 449	4
Gulen Sau og Geit	Vidar Reksnes	v-reknes@online.no	577 83 438	18
Hafslo Sau og Geit	Tom Idar Kvam	ti.kvam@online.no	952 00 661	12
Hestad saualslag	Knut Arne Laukeland	knutarnelaukeland@hotmail.com	970 91 795	5
Holmedal Sau og Geit	Odd Jarle Øvreås	odd-jar@online.no	481 56 495	24
Hornindal Sau og Geit	Per Øen	per-oee@online.no	900 54 238	11
Hyllestad Sau og Geit	Eirik Koefoed	ekoe@online.no	971 82 748	9
Indre Hafslo Sau og Geit	Øystein Urnes	6873 Marifjøra	918 45 307	14
Jølster Sau og Geit	Ragnhild Sæle	ragnhild.saele@enivest.net	416 33 342	67
Kvamsøy Sau og Geit	Lars Halvard Ese	lars.Hallvard.ese@balestrand.kommune.no	907 95 547	5
Kyrkjebø Sau og Geit	Leif Brekken	leif.brekken@enivest.net	917 98 302	17
Leikanger Sau og Geit	Marit Henjum Halsnes	post@henjatunet.no	415 11 774	20
Luster Sau og Geit	Magnar Kvam	Berge, 6872 Luster	957 80 919	14
Lærdal Sau og Geit	Anders Haugen	anders.haugen@sogn.no	970 96 678	50
Naustdal Sau og Geit	Magnar Espeland	magnar.espel@hotmail.com	913 09 824	35
Nordalsfjord Sau og Geit	Magnar Nordal	magnar.nordal@fokuselektro.no	478 78 832	15
Nordsida Sau og Geit	Jan Magne Heggedal	Janheggedal@yahoo.no	400 73 612	12
Oldedalen Sau og Geit	Linda Alsaker	r-alsak@online.no	913 39 419	25
Sande Sau og Geit	Helge Skagen	helg-ska@online.no	913 62 663	14
Selje Sau og Geit	Mirjam Friberg	mirjam@srr.no	415 42 019	34
Skjolden Sau og Geit	Arne R. Øveraas	h-oevrea@online.no	478 11 147	12
Sogndal Sau og Geit	Johannes Gunvordal	gunvorda@online.no	951 29 917	76
Solund Sau og Geit	Anne Marie Gåsvær Færøy	gfaeroey@online.no	992 98 975	15
Stavøy Sau og Geit	Torgunn Eikevik	torgunna@hotmail.com	957 48 541	13
Stryn Sau og Geit	Ola Skogli	ol-aslsk@online.no	913 34 293	53
Vetlefjorden saualslag	Tor Sværen	torsvaren@hotmail.com	416 83 498	6
Vik Sau og Geit	Jon Numedal	jon.nummedal@sogn.no	481 05 377	34
Vikane Sau og Geit	Oddbjørn Reme	oddb-re@online.no	578 74 255	10
Viksdalen Sau og Geit	Aud Marit Hage	audmarih@online.no	481 42 325	34
Årdal Sau og Geit	Erling Offerdal	erlingofferdal@hotmail.com	414 44 226	7
Totalt antall				1076
Herav :				
Støtte/husstandsmedlemer 90				
Æresmedlemmer lokallag 10				
Æresmedlem fylkeslaget 1				
Asbjørn Alsaker Fossbakken, 6770 Nordfjordeid				

Innspel til jordbrukstingingane 2014

Sogn og Fjordane Sau og Geit/ Møre og Romsdal Sau og Geit.

Sau:

1.Produksjonstilskot på sau:

Sau 1 til 50 ein auke på kr.50,00 frå kr.1326,00 til kr.**1376,00.**

Sau 51 til 100 ein auke på kr.50,00 frå kr. 1070,00 til kr.**1120,00.**

Sau 101 til 150 ein auke på kr. 300,00 frå kr. 347,00 til **647,00.**

Sau 151 til 200 ein auke på kr.57,00 frå kr.347,00 til kr. **404,00.**

Vi ynskjer å auke produksjonstilskot på gruppa frå 101 vinterfora sau til 150 vinterfora sau med kr. 300,00 pr. dyr. Vi ynskjer på denne måten å styrkje bruk som har vilje til å ha sau som levebrød.

2. Beitetilskot på utmarksbeite:

Utmarksbeitetilskot(min 8 veker) vert auka frå kr. 142,00 til kr. ***200,00,- pr.dyr***

Beitetilskudd sone 1-4 (16 uker) 5-7 (12 uker) auke på kr 40,- til **kr. 100,- pr.dyr**

3. Kvalitetstilskot: ***Auke tilskotet frå 206 til 270.***

For å stimulere til best muleg kvalitet på slakt ynskjer vi å auke kvalitetstilskotet med kr. **64.**

4. Investeringsstøtte: *Investeringsstøtte og til midre bruk.*

Vi må prøve å behalde dei små besetningane som ein styrke for miljøet.

5. Auke avløysartilskotet: *Auke avløysartilskotet til 80000.*

Avløysartilskot : 499,- - 555,- pr. dyr

6. Momsgrense må stå på 50000,-

Geitehaldet.

Generelt

I løpet av dei siste åra har geitehaldarane lagt ned ein innsats som manglar sidestykke for å løfte næringa. Dette har skjedd både gjennom sjukdomssanering av geiteflokkane, målretta arbeid for betre mjølkekvalitet og gjennom ei svært stor satsing på modernisering av driftsbygningane. Mange har investert fleire millionar for betre dyrevelferd og betre arbeidsforhold for røktar.

Gen-endring og omfattande avlsarbeid har ilag med auka kunnskap om fôring gjeve gode resultat. Ein har no truleg verdens beste råstoff for å lage dei beste geitmjølkprodukta.

Det er likevel slik at endra forbruksmønster og særleg nedgang i brunostsal gjev næringa utfordringar. Omstilling til andre produkt er krevjande og tar tid, men den gode kvalitet ein no har på råstoffet gjer at ein likevel er trygg på at det vil lukkast.

Gjennom fleire år har produksjonsvolumet blitt auka ved at det er gjeve løyve til å konvertere frå ku- til geitemjølk-kvote.

Etter krav frå næringa vart moglegheita for konvertering stoppa ved førre jordbruksavtale.

Tine har ansvaret for produktutvikling, marknadsføring og sal av geitmjølkprodukta.

Geit-næringa er særs utålmodig og forventar no at Tine skal lukkast med sin jobb.

Når Tine så føreslo at forholdstalet for 2013 vart sett til 98 vart dette opplevd som eit svik frå Tine og skapte frustrasjon blant geitehaldarane.

Når så forholdstalet blir sett til 97 for 2014 samstundes med at det er vedteke å skjerpe betalingssystemet fører dette samla til store tap for produsentane.

Geita er vår beste kulturlandskapsarbeidar. Den hentar mykje av maten på sommarbeite, og pleier landskapet som m.a. i reiselivssamanheng er svært verdfullt.

Å ha husdyr som beiter i fjell og utmark høver ikkje alltid så godt med stordrift og effektivitet, verdiane av eit slikt husdyrhold er likevel store og femner vidt.

Det er viktig med støtteordningar som verdset kulturlandskapspleie og sikrar at jobben blir gjort

Friskare Geiter:

Gjennom prosjektet Friskare Geiter er geitmjølkprodusentane snart i mål med å sanere bort dei tre kroniske sjukdomane CAE, Para tuberkulose og Byllesjuke som geiteflokkane har vore plaga med. Dette er eit stort løft for næringa men det har «kosta» enormt på fleire måtar.

Det står framleis att å dokumentere helsestatus på ein god del amme- og hobbygeiter. Dette er uheldig med tanke på re-smitte og verkar skremmande for dei mange som har sanert.

Under årets jordbrukstingingar må det setjast av midlar som sikrar at alle geiter får dokumentert helsestatus og at nødvendige tiltak blir gjennomført der det er funn av dei nemnde sjukdomane. Det må i tillegg sikrast midlar for eit oppfølgings-program også for dette geitehaldet.

Mjølk.

Det har kome signal frå den nye landbruksstatsråden om at ein vil sjå nærmare på kvoteordninga.

For geitmjølkproduksjonen vil ei eventuell oppheving av kvoteordninga raskt føre til ein stor overproduksjon med ei total rasering av økonomien i næringa som følgje.

Å behalde kvoteordninga slik den er i dag er heilt avgjerande for geitmjølkproduksjonen.

Mykje investering i drifta er basert på kvoteleige. Dette er ein svært dårleg sikkerheit for investeringane. Dagens regelverk tek mest omsyn til dei som sluttar i næringa og bør absolutt sjåast på.

Det er for tida lite rom for å auke målprisen på geitmjølk.

Auka inntekter i geitmjølkeproduksjonen må difor komme i form av budsjettmidlar.

Det er svært viktig å behalde kvoteordninga men ordninga med kvoteleige må endrast slik at bruket ikkje kan leige ut kvota meir enn fem år. Etter denne tid må produksjonen takast opp at på eige bruk eller kvota må seljast eller den blir sovande. Det må vere mogleg å søkje dispensasjon ved nærmare definerte tilfelle.

Kjøttproduksjon.

Det har gjennom mange år vore jobba med å få til betre økonomiske vilkår for kjøttproduksjon på kje. Framleis er det marginale inntekter å hente i denne produksjonen. Å fôre kje til slakt på mjølkeerstatning er tapsbringande og såleis uinteressant.

Å avlive kjea rett etter fødselen for å kaste dei er u-etisk og i tillegg noko mange bønder kvir seg for å gjere.

For fleire år sidan vart det innført eit slaktetilskot. Dette har stått uendra på kr 80,00 per kje og har i gjennomsnitt utgjort kr 20,- per kg kjøt.

Nortura ynskjer no litt større kje, minst 5 kg slaktevekt. Ei omlegging av slaktetilskotet til tilskot per kg kjøt vil medverke til å heve vekta på kjea.

Under årets jordbruksavtale må slaktetilskot til kje gjerast om til tilskot per kg kjøt. Tilskotet må også hevast.

Husdyrtilskot.

Auka inntekter i geitehaldet må i stor grad kome som auke i tilskot.

Det har lenge vore eit krav frå næringa at liv-kje må kunne teljast med som grunnlag for husdyr- og avløysartilskot.

Nokre dagar forskjell i kjeings-tidspunktet kan føre til store forskjellar i husdyrtilskotet då det berre er geiter som er eller har vore i produksjon det blir gitt tilskot til.

Under årets jordbrukstingingar må regelverket for tilskot til mjølkegeit endrast slik at alle dyr som er drektige eller har kjea ved teljedato gjev grunnlag for husdyr- og avløysartilskot.

Oppsummering.

Det viktigaste ved årets jordbruksavtale vil vere:

1 Behalde kvoteordninga

2 Sikre kompensasjon for tap i produksjonsinntektene

3 Sikre oppfølging av Friskare Geiter for å behalde helsestatus

4 Endre regelverket for kvoteleige

Sogn og Fjordane Sau og Geit

Ragnhild Sæle

-leiar-

Møre og Romsdal Sau og Geit

Odd Bjarne Bjørdal

-leiar-

Minnepokaler

Samuel J. Førde`s minnepokal – beste 1. pr geit – kropp og jur

Sogn og Fjordane Sau og Geit gjorde i april 2013 vedtak om ny ordning for å finne fylket si beste geit. Siste åra har det blitt slutt på geiteutstillingane og svært få har tevla om minnepokalen.

Målet var å få til eit opplegg som fekk fleire til å delta, som er enkelt å administrere, ikkje medfører stor kostnad og i Samuel J Førde "si ånd" stimulere til godt avlsarbeid og presentasjon av vakre geiter.

Det ein kom fram til var at alle som stiller kje til kåring får høve til å presentere si beste geit.

Dommaren bedømmer denne, og gjev eksteriørpoeng for kropp og jur

Når kåringane er ferdige for året plukkar dommarane ut fylkets beste 1. premie- geit, som då får aksje i Samuel J. Førde sin minnepokal. Er høgast poengsum for kropp og jur lik på to eller fleire vinn den med høgast indeks pr. november.

Minnepokalen er delt ut kvart år sidan 2005.

Dei som til no har fått ein eller to aksjar i pokalen er desse:

2005: Ester og Atle Løvland	Kandal	6823 Sandane
2006: Annlaug og Erling Vanberg	Kandal	6823 Sandane
2007: Eva og Noralf Høydal	Skjærli	6983 Kvammen
2008: Ester og Atle Løvland	Kandal	6823 Sandane
2009: Annlaug og Erling Vanberg	Kandal	6823 Sandane
2010: Grethe og Sigurd Vikesland	Vikesland	5742 Aurland
2011: Kjellaug og Ingmar Hjellum	Midje	5745 Aurland
2012: Åse og Rune Myklebust		6791 Oldedalen
2013: Grethe og Sigurd Vikesland	Vikesland	5745 Aurland



Geit nr 1190 Lisa .
Beste geit i 2013

Jon Hegdal`s minnepokal for beste avkomsgranska vær, uansett rase.

2012:	201159436	Jæger Mix	Magnar Sunde	ring 175	NKS
2013:	201258276	Stas Krøss	Magnar Sunde	ring 175	NKS

Avlsutvalet for sau i Sogn og Fjordane

Årsmelding 2013

Medlemane i avlsutvalet frå 01.07.2013

Tom Idar Kvam, 6869 Hafslo: leiar tlf. 909 33 948 e-post: ti.kvam@online.no

Einar Helge Haugstad, 6770 Nordfjordeid: kåringsansvarleg tlf. 480 38 573 e-post: einar-helge.haugstad@nortura.no

Kjell Olav Kusslid (bruksbesetning) tlf. 415 07 006

Lars Nesse: nestleiar (representant frå styret i SFSG) tlf.906 79 263 e-post**:** larsnesse@sogn.no

Johannes Nedrebø (Nortura)

Vara:

1. Leif Tore Kårstad
2. Kjell Mardal
3. Olav Tiemann Hegg

Avlsutvalget i fylket har ansvaret for å spre framgangen som skapes i væreringene til bruksbesetningene. Avlsutvalget har også ansvar for å organisere kåring av værlam

Væreringane

I 2013 vart det sett inn 224 prøveværar for gransking og 74 eliteværar, Det er 5 prøveværar og 6 eliteværar mindre enn i 2012.

Kåringa

Avlsutvalet organiserer alle kåringane i fylket, det er ei arbeidskrevjande oppgåve som tek mykjetid og nøye planlegging.

910 lam møtte til kåring dette er 68 mindre enn i 2012.

Nedgangen er jamt fordelt over dei 4 rasane som er med i granskinga, men pelssau har størst nedgang med 40 frammøtte lam i 2012 og 27 frammøtte i 2013 dvs. 32,5%

Avlsutvalet vart organisert litt annleis i år, med eigen kåringsansvarleg som jobbar kun med kåringane, dette tykkjer me har fungert svert godt.

Den største utfordringen er å få dommarkabalen til å gå opp. Dette er ikkje enkelt spesielt i helgane.

Me er nøydde til å verte fleire kåringsdommarar elles lyt avlsutvalet inn å styre meir når kåringane ska1 vere for at kabalen skal gå opp

Dommarsamlinga var på Nortura, Førde den 28. August. Programmet var ved Guttorm Gudmestad og Kjell Steinar Løland

Me skal ha ny dommarsamling til hausten der me forhåpentlegvis har fleire nye kåringsdommarar på plass

Beste Vær

Beste vær i 2013 er 201258276 Stas Krøss indeks 145

Oppdrettar Magnar Sunde, Skei, og granska i ring 175

Møte

Avlsutvalet har i 2013 halde 2 møter i tillegg til e-postkontakt og telefonmøte

Sluttord

Avlsutvalet vart nyvalde med verknad frå 1/7-13

Det vart i år stilt litt færre lam til kåring enn i fjor, men ingen dramatisk nedgang.

Ein ser og ein trend med fleire gardskåra lam ,dette er noko avlsutvalet vil skjerpa inn neste år.

Avlsutvalet ser at bruksbuskapane og dei som står utanfor avlsarbeidet kunne vore flinkare å kjøpt granska værar, hugs at veren er halve flokken!!

Hafslo

20/1 2014

Tom Idar Kvam

Frå kåringa i Lærdal

Oversikt over ringar i 2013/14

Veraring	Kontaktperson	Adresse	Telefon	E-post	Ant.søv	Prøvev.	Elitev.	Disp.v.
164 Vik verering	Kåre Jostein Sylvarne	6894 Vangsnes	97140497	sylvar@online.no	1004	20	5	1
165 Sogndal verering	Bjarte Stedje	Plassen 11, 6856 Sogndal	91674434	bjartest@gmail.com	1050	21	6	0
166 Lærdal verering	Lars Nesse	Nesse, 6888 Borgund	90679263	larsnesse@sogn.no	1758	28	15	0
168 Nordfjord verering	Einar Helge Haugstad	Haugstad, 6770 Nordfjorde	48038573	einar-helge haugstad@nortura.	1764	44	6	0
169 Viksdaslen verering	Leif Magne Vigdal	Langeteig, 6899 Balestrand	95230073	le-magnv@online.no	717	13	5	0
171 Jølster sjeviotring	Audun Nedrebø	Ålhus, 6847 Vassenden	91587039	audun nedrebo@enivest.net	710	17	3	5
173 Gulen verering	Leif Brekken	Ikjefjord, 5962 Bjordal	91798302	leif brekken@enivest.net	368	8	3	1
175 Sunnfjord verering	Jan Asle Bolset	Bolset, 6843 Skei i Jølster	99403697	botavon@hotmail.com	1135	26	7	0
176 Holmedal verering	Odd Jarle Øvreås	Hyllset, 6982 Holmedal	48156495	odd-jar@online.no	178	oppstart 2014		
177 Sogn Pelssauring	Leif Arne Nordheim	Lauvhaug, 6856 Sogndal	90745567	lnordhei@online.no	414	10	12	0
178 Luster verering	Tom Idar Kvam	Nisteveien, 6869 Hafslo	90933948	ti.kvam@online.no	1053	19	3	3
180 Sogn og Fjordane Spælri	Johannes Nedrebø	Nedrebø, 6847 Vassenden	90571243	Jonedr@online.no	355	6	2	0
163 Sunnfjord Sjeviotring	Vidar Heggheim	Åsedalen, 6817 Naustdal	97151649	vidar.heggheim@hotmail.no	584	12	7	0
					11090	224	74	10

ÅRSMELDING GJETARHUNDNEMDA 2013

Gjetarhundnemda i Sogn og Fjordane Sau og geit har vore samansett slik: Leiar Kurt Magne Fardal. Medlem: Roger Løvik. Medlem: Knut Alsaker.

Årsmøte i Sogn og Fjordane Sau og Geit gjekk inn for at gjetarhundmiljøet fekk organisere seg i regionvise lag.

Det vart skipa tre lokale gjetarhundlag våren 2013, Nordfjord gjetarhundlag, Sunnfjord og Ytre Sogn Gjetarhundlag og Indre Sogn Gjetarhundlag. Gjetarhundnemda har frå hausten 2013 bestått av leiarane av dei tre lokale gjetarhundlaga og eit styremedlem av SFSG:

Leiar: Ragnhild Sæle, SFSG

Nestleiar: Kurt Magne Fardal, Indre Sogn

Sekreter: Ailen Skogeng, Nordfjord

Nemndmedl: Roger Løvik, Sunnfjord og Ytre Sogn

Medlemane i nemnda har hatt to møter på Skei. Dei har og hatt mykje kontakt via e-post.

Det har vore arrangert 20 gjetarhundprøvar totalt i fylket.

Aktiviteten har vore bra i alle regionar.

Fylkesmeistarskapen vart arrangert av ISG på Hafslo. Det var Magnus Grimeland med Sanki som vart fylkesmeistar i kl 3.

NM vart arrangert i Hordaland i Myrkdalen. Det var tre ekvipasjar frå Sogn og Fjordane. Magnus Grimeland med Sanki, Roger Løvik med Aslan og Halvor Tenden med Aragone.

Magnus Grimeland er valgt som kandidat frå Sogn og Fjordane til regionutvalget for ny dommarordning.

Det årlege informasjonsmøtet om gjetarhund vart arrangert på Skei hotell.

For nemnda Gaupne 08.02.2014
Kurt Magne Fardal

ÅRSMELDING INDRE SOGN GJETARHUNDLAG 2013.

Indre Sogn Gjetarhundlag vart skipa 15.04.2013. Det var 10 interesserte tilstades under skipingsmøtet.
Styret i ISG 2013 har vore samansett slik:

Leiar:	Kurt Magne Fardal
Styremedlem for 1 år:	Hilde Valland
Styremedlem for 2 år:	Tom Idar Kvam
1.vara:	Bjørn Hage
2.vara:	Kjell Harald Bø
Revisor :	Øystein Urnes

Laget si målsetting har vore å få flest mogeleg med på fellestreningar som har vore i Gaupne, Hafslo og Sogndal. Det har vore bra oppmøte.

6.oktober 2013 arrangerte laget fylkesmeistarskapet i gjetarhund på Hafslo. Det var 22 startande ekvipasjar. Eit vellukka arrangement.

For ISG
Gaupne 02.02.2014
Kurt Magne Fardal

Årsmelding for driftsåret 2013.

Styret i Sunnfjord og Ytre Sogn Gjetarhundlag har bestått av:

- Svein Heggebø, leiar
- Jan Kåre Ravnøy, nestleiar
- Roger Løvik, kasserar
- Erlend Fossen, vara
- Tommy Aasen, vara

Andre tillitsvalde har vore:

- Johannes Lundekvam, revisor

Valnemnd:

- Vigdis Lunde, leiar
- Kjell Åge Birkeland, medlem

Året 2013 har vore første driftsår til laget og det har vore mykje god aktivitet.

Søndag 3. mars hadde laget skipingsmøte og første årsmøte.

Gjennom året har styret hatt 3 styremøte og ein del telefonmøte, samt uformell drøfting på gjetarhundtreningar.

Roger Løvik har vore medlem i gjetarhundnemnda fram til 1. desember, men pga endring i sentralt lovverk har leiar v/Svein Heggebø vore medlem av gjetarhundnemnda etter det.

Gjetarhundtrening

Laget sine medlemmer har halde gjetarhundtrening gjennom sommarhalvåret i Naustdal, i Flokeneset og på Lunde.

Gjetarhundprøvar

6. januar arrangerte laget unghundprøve på Osland med bra deltaking.

10. mars deltok 3 medlemmer på unghundprøve i Stryn

4. august deltok 4 medlemmer på gjetarhundprøve på Tynes i Sykkylven

17. og 18. august arrangerte laget distriktsprøve på Osland laurdag og på Lundekvam søndag med god deltaking.

29. august deltok Roger Løvik og Jan Kåre Ravnøy i fellesmøte med styret i Sogn og Fjordane Sau og Geit på Skei.

14. og 15. september deltok 2 medlemmer på gjetarhundprøve i Stryn.

21-22 september var 2 deltakare på landsprøve i Valdres .

6. oktober deltok 3 medlemmer på fylkesmeisterskap i Luster.

11. – 13. oktober deltok Roger Løvik som ein av tre frå Sogn og Fjordane i NM. Han vart best frå Sogn og Fjordane med 44. plass av 90 deltakarar.

26. oktober deltok 2 medlemmer på gjetarhundprøve i Olden.

Kurs

2. og 3. mars arrangerte laget nybyrjarkurs i Kvammen.

Laget arrangerte kurs for vidarekomne i Flokeneset laurdag og søndag den 1 og 2 juni , Instruktør var Magnus Grimeland.

Oppvisning

Roger Løvik og Svein Heggebø stilte på Førde Brukshundklubb sin aktivitetsdag med sauer og hundar og demonstrerte gjeting med hund.

Roger Løvik og Jan Kåre Ravnøy var på Stardaldagane og hadde gjeterhund demonsrasjon .

Andre tiltak og aktivitetar

Laget har kjøpt inn materialar og laga 3 komplette portar for gjetarhundprøver. Portane er lettbygde og såleis lette å ta med seg, samstundes som dei er lett å sette på plass i marka.

Nordfjord Gjetarhundlag

Årsmelding 2013

Nordfjord gjetarhundlag ble stiftet 18.februar 2013. Det var 14 interesserte tilstede på møtet og det ble gjennomgang av vedtekter, årsplan og valg av interimsstyre. De som ble valgt var: Ailen Skogeng, leder, Styremedlemmer Knut Alsaker (nestleder),
Ida Elisabeth Lien Ohrvik (sekretær),
Mirjam Friberg (kasserer) og
Ingunn Reme (styremedlem).
På første styremøte ble styret konstituert, og har fungert slik avsnittet over viser. I tillegg valgte vi materialforvalter: Ingunn Reme, Banenemnd: Halvor Tenden, Magnus Grimeland og Egil Syversbråten; og informasjonsansvarlig Ailen Skogeng.

På alle styremøtene har 1.vara Halvor Tenden møtt. 2.vara har vært Stig Arne Bugjerde og Nils Sandnes 3 vara. Valgkomiteen har bestått av Margrethe Garlid (leder), Egil Syversbråten (2 år) og Janne Os (3 år). Styret valgte å ikke velge et fast sekretariat, da det må bli opp til hver enkelt arrangør å skaffe ansvarlige for sekretariatet på hver prøve.

Arbeidsplanen er delvis blitt fulgt. Vi har ikke gjennomført planlagt kurs, og 2 prøver er ikke blitt arrangert.

I mars ble det arrangert 3 prøver på Tenden, Stryn med 29 deltakere. 6 deltakere i klasse I hvor alle fikk godkjent prøve, 10 deltakere i klasse II og 13 deltakere i klasse III. Det kom deltakere fra Akershus, Hedmark og Møre og Romsdal og med kun 3 brudd må vi se oss veldig godt fornøyd med prøvene. Vinteren er en fin tid for prøver, så vi ønske å gjennomføre prøvene på nytt igjen i mars.

I september arrangerte vi prøve i Hornindal, Fannemel med 69 deltakere over 2 dager. Alle 3 klassene ble kjørt på lørdag, og søndag klasse III. Sauen ble sanket 14 dager før prøven og sau ble skilt fra lam umiddelbart. Når vi da kjørte dem sammen igjen etter ca 12 dager, fant de ingen tilknytning til hverandre, og ekvipasjene ble derved gode uavhengig av eventuelle familiebånd! Prøven telte med som uttak til NM og var fullt på høyde med standard landsprøve i forhold til krav om avstand på hentet og driving. Vi søkte om å få arrangere denne prøven som landsprøve, men pga tidspunkt og geografi, fikk vi ikke tilslaget. Til prøven var det sponset mange flotte premier fra mange bedrifter i Nordfjord. I tillegg kjøpte vi malte fat til vinnerne av alle klassene. Knut Alsaker fikk premie for young handler i klasse III på søndag og var også yngste deltaker på lørdag og fikk premie for det!

7 medlemmer fra Nordfjord deltok på årets fylkesprøve som ble arrangert i Sogn i oktober. Med til sammen 10 hunder fra Nordfjord av 22 startende, og 3 seire, gjorde vi oss nokså bemerket på resultatlistene! Vi gratulerer Magnus Grimeland med Sanki som fylkesmester 2013!

I oktober var det prøve i Olden på Kolbeingarden. Her var det 24 startende i alle 3 klassene. Prøvene ble gjennomført med fin sau og ganske grei bane, og familien Alsaker fortjener all ros for et vel gjennomført arrangement!

Årets julebord på Storesunde skole var hyggelig med gjester fra Møre og Sunnfjord. Her deltok også andre medlemmer fra Stryn sau og geit.

I hele året 2013 ble det gjennomført fellestreninger. Vinteren bød på fine forhold i kveet på Tenden og i Skoglia i Olden. Utover sommeren hadde vi tilgang på sau på Lunde i Stryn, og andre hadde trening så snart mulighetene bød seg. Nordfjord har hatt deltakere på landsprøver, og 2 av deltakerne i NM fra Sogn og fjordane, kom fra Nordfjord: Halvor Tenden med Aragone og Magnus Grimeland med Sanki. Resultatet derfra ble ikke noe å skryte av, men vi satser på bedre resultat neste år!! Nye prøver, nye muligheter!!

Kontingent for 2013 ble satt til kr 300,-, men siden vi kom seint i gang med arbeidet i laget og fikk opprettet konto, ble styret enige om at vi har halv kontingent i 2013. Det var 13 medlemmer som betalte kontingenten, og vi satser på flere i 2014!

Flere medlemmer har vært på leiesanking i høst. Vi har gode ekvipasjer som blir brukt til å sanke ned sau som ” blir igjen” på fjellet. Og en har også vært på kadaversøk i forbindelse med rovdyrangrep.

Det har vært flotte forhold for å trene utover høsten og vinteren, og vi har 3 plasser som er åpen for fellestreninger; Tenden, Skogli og Kolbeingarden. I tillegg finnes det muligheter i Innvik, og vi håper at vi får treningsfelt i ytre deler av Nordfjord etter hvert!

Leder har deltatt på 2 møter i Gjetarhundnemnda for Sogn og fjordane. Nestleder har vært med på det 1.ste møtet.

Styret har fungert godt sammen, og vil takke de som har valgt å takke nei til gjenvalg for vel gjennomført start av Nordfjord Gjetarhundlag! I tillegg er det mange som fortjener ros for velvilje til å stille opp og hjelpe til på arrangement. Og alle som sponset oss med premier til prøven på Fannemel i høst – ingen nemt – ingen glemt!

Så vil det gamle styret få ønske det nye styret lykke til med arbeidsåret 2014!

Beste værane i Sogn og Fjordane i 2013

Kåringsnr. Navn	Rase	O-ind	Far	Oppdrettar	Ring
201258276 Stas Krøss	Nks	145	Krøsslas	Magnar Sunde	175
201258777	Nks	138	Otto Bryn	Jon Melheim	178
201258815 Krøsstas Kvam	Nks	138	Krøsslas	Ruth Karin/T.I. Kvam	178
201258844 Sjakk Eggum	Nks	138	Reks Mix	Dagfinn Kvamme	166
201258451	Spæl	126	Snorre	Bø Fellesfjøs	180
201258292 Sos Skistad	Spæl	125	Stubb Skistad	Johannes Nedrebø	180
201258175	Spæl	123	Ha Skistad	Jan Helge Hjelmeland	180
201258243	Sjeviot	129	Rampegut	Vigdis Lunde/S.Heggebø	163
201258298 Billyboy	Sjeviot	129	Børre	Eilert Årseth	171
201258535 Ali	Sjeviot	128	Alex	L. T. Tvinnereim	171
201258759 Nero	Pels	140	Noregut	Einar Nedrelo	177
201258714 Bestemann	Pels	129	Normann	Håkon H. Kvamme	177
201258738 Hoffen	Pels	123	Carbo	S.Hofslundsengen/H.Valland	177

Beste bukkane i Sogn og Fjordane 2013

Kåringsnr	Navn	Avls-verdi	Kas-ein	Oppderttar	Antall			Status
					Bes-etn	Døtre	Ana-lys	
2010422	ASKEPRINS	131	2	Einar Lie	1	17	145	Død
2010431	ALFONS	128	5	Sigurd Vikesland	1	17	96	Lever
2010451	KRAFTKAR	126	2	Klakegg Samdrift	3	10	36	
2010525	BLÅROS	126	2	Jan Ove/ Nina Selseng	4	20	100	
2010265	SVAN	124	5	Jørn Arne Vanberg	1	5	40	Død

Tal frå geitekontrollen 2013

Fylke		Tal buskapar i kontrollen		Tal årsgeiter		Årsgeiter pr. buskap	
		2013	**2012**	**2013**	**2012**	**2013**	**2012**
Møre og Romsdal		14	20	2536	3023	181,1	151,1
Sogn og Fjordane	38	50	3658	4828	96,3	96,6	
Hordaland	16	18	1217	1425	76,1	79,2	
Landet	210	256	22034	25313	104,9	98,9	

Fylke	Kg mjølk pr. årsgeit	% prot	% lakt	% fett	Celle tal	Kg PLF	Lev i % av kvote	Fem kr.fôr pr.100 kg mjølk	% mjølk på beite	Tal beite dagar
M&R	733	3,11	4,45	4,08	679	89,9	99,0	30	29,4	89
I fjor	*723*	*3,10*	*4,35*	*4,00*	780	86,2	*89,5*	*37*	*37*	*117*
S&Fj	752	3,10	4,45	4,09	823	91,6	88,8	40	43,2	137
I fjor	*703*	*3,0,9*	*4,33*	*3,99*	*796*	*85,2*	*85,9*	*42*	*42,3*	*143*
Hord	705	3,08	4,53	4,10	837	86,6	85,4	42	48,5	166
I fjor	*719*	*3,06*	*4,32*	*3,78*	931	82,6	*85,5*	*56*	*56*	*146*
Land	729	3,09	4,47	4,09	794	88,9	91,2	38	41	123
I fjor	*716*	*3,09*	*4,35*	*4,04*	805	85,9	*89,0*	*41*	*35,4*	*115*

Geitkontrollen:

Tabellen viser resultat for medlemmer av geitkontrollen som har fått årsutskrift.

I 2013 utgjer dette 75 % av medlemmene i geitkontrollen. Det betyr at det er en stor andel av geitkontrollmedlemmene som manglar enten veging eller prøvetaking. Noko av årsaka er at ein del besetningar er inne i saneringsprosessen dette året og har ikkje prioritert geitkontrollen då geitene uansett vert slakta.

Mjølkeavdråtten per årsgeit har auka med 13 kg på landsbasis.

Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal har hatt en auke i mjølkeavdrått, medan Hordaland har hatt ein nedgong. Auke i tørrstoffinnhald i mjølk og avdråttsauke, resulterer i en betydeleg auke i tørrstoffproduksjon per årsgeit i Møre og Romsdal og Sogn&Fjordane.

Kvotefyllinga aukar, og Møre og Romsdal har den høgaste kvotefyllinga i landet , på heile 99 %. Møre og Romsdal er i dag det fylket i landet med dei største buskapane i geitkontrollen.

Mjølkekvalitet 2013



Geitmjølkkvaliteten har hatt svært god framgang også i 2013.

Produsentane til TINE Vest leverte 94,4 % av mjølkevolumet som Elitemjølk.

Dette er 2 % over landsmiddelet. I oktober 2013 var det levert 100 % Elitemjølk frå geitmelkprodusentane i TINE Vest.

Kåring

Fylke	Tal bukkar kåra		Genstatus 0 eller ukjent		Genstatus2		Genstatus 5	
	2012	2013	2012	2013	2012	2013	2012	2013
Hordaland	12	13	0	0	7	7	5	6
M&R	67	64	0	2 ukjent	13	10	54	54
S&Fj.	87	85	0	0	25	14	62	71
TINE Vest	166	162	0	2 ukjent	45	31	121	131

Tabellen syner at produsentane i vest bidreg svært godt til avlsarbeidet. Kåring av bukkekje er svært viktig for rekruttering av seminbukkar. Totalt vart det i 2013 kåra 357 bukkar i landet. 162 (45 %) av desse vart stilt i dei tre vestlandsfylka. Av bukkane som vart kåra hadde 80 % genstatus 5, slik at andelen bukkar med genstatus 2 er stadig synkande.

Beitesesongen 2013

2012 gjekk inn i historien som «tidenes» beitesong for sauenæringa i fylket. Det var gode vekter og slakteresultat over heile fylket og nedgang i lammetap i alle kommunar forutan 2! Men korleis gjekk det i 2013, heldt den gode trenden seg?

Lammetap

Gjennomsnittleg lammetap på utmarksbeite for Sogn og Fjordane var i 2012 5,4%, noko som er det beste resultatet me har hatt sidan 2000. Det var lett å tenkja at det veldig gode resultatet var eit unntaksår. Svært gledeleg var det difor å sjå at gjennomsnittleg lammetap for Sogn og Fjordane enda på 5,5% i 2013! Til samanlikning var snittet for Noreg 7,7%.



Dei gjennomsnittlege tapstala pr. kommune heldt seg svært stabile frå 2012 til 2013. Det var berre 3 kommunar som hadde endring større av 2 prosentpoeng: Sogndal og Høyanger auka med ca. 2 prosentpoeng, medan Fjaler minka med 2 ca. 2 prosentpoeng. Ekstra gledeleg var det i 2013 at det for første gong på mange år berre var ein kommune som hadde over 10% gjennomsnittleg lammetap (Vågsøy, merka med raud søyle). Det tradisjonelle mønsteret med minst tap i indre deler av fylke med aukande tap mot ytre deler av fylket var tydeleg også i 2013.

Slaktekvalitet

2013 virka til å vera eit år med stor variasjon i slaktekvaliteten. Dette skuldast mest truleg lite snø i fjellet om vinteren og varierande nedbørsmengde sommarstid. Generelt sett kan seiast at det var eit normalår i ytre deler av fylket, svært gode resultat i midtre og indre nedbørsrike område og svakare resultat i midtre og indre nedbørsfattige område. Innafor dette var det og svært lokale variasjonar i slaktekvaliteten.

Liv Astrid Nordheim Kusslid
Fylkesagronom

Informasjon.

Statens naturoppsyn (SNO) og rovviltoppgåver i Sogn og Fjordane:
SNO er tillagt fylgjande ansvar i høve dei 4 store rovviltartane våre (bjørn, ulv, gaupe og jerv) + kongeørn.

- Ivareta nasjonale miljøverdiar, førebygge miljøkriminalitet og sikre biologisk mangfald
- Skadedokumentasjon
- Bestandsregistrering
- Felling av rovvilt i offentleg regi

Skadedokumentasjon vert utført av rovviltkontaktar (RVK).
I Sogn og Fjordane har SNO 5 rovviltkontaktar fordelt på desse regionane.

Navn Adresse	Kontakt info:	Ansvarsområde
Folven, Ingolf 6798 Hjelledalen	M: 481 31 838 if-juen@hotmail.com	Region Nordfjord
Fortun, Einar 6875 Høyheimsvik	M: 976 22 053 a-fortu@online.no	Region Sogn
Myhren, Finn Olav Hegrenes 6847 Vassenden	M: 992 02 664 Finn.Olav.Myrhen@jolster.kommune.no	Region Sunnfjord
Otterhjell, Andreas Lægene 6877 Fortun	M: 977 72 812 andreas.otterhjell@hotmail.com	Region Sogn
Øydvin, Håkon Fjordsenteret 5745 Aurland	M 995 67 650 haakon.oydvin@fjellstyrene.no	Region Sogn

Ta kontakt med RVK i naboregion eller regionalt rovviltansvarleg om du ikkje får kontakt med næraste RVK!

Den lokale RVK-ane står for feltkontroll ved skader på husdyr og kontroll av meldingar om rovvilt.
Ved ein skadesituasjon på husdyr, der det er mistanke om at freda rovvilt er skadevoldar, skal husdyreigar melda ifrå omgåande og påvisa kadaveret for RVK.

Ved funn av kadaver bør husdyreigar straks dekka til kadaveret med stein, buskar e.l, slik at åtseletarar ikkje kjem til. La det elles liggja mest mogleg urørt. Merk funnstaden så den er lett å finna att. Bruk eventuelt GPS.

RVK skal gjera ei undersøking av kadaveret for å dokumentere dødsårsak i rapport og bilde.
Undersøkinga er **gratis!**

Om dødsårsak ikkje er mogleg å påvise, vert SNO si vurdering av dødsårsak ukjent.
Dødsårsak ukjent utelet ingen årsak til død.
Med bakgrunn av RVK sin rapport, vil regionalt rovviltansvarleg i SNO setja endelig konklusjon, med attendemelding til husdyreigar. Opplysningane vert lagt inn i ein database (Rovbase).
Rovbasen finn du òg på nett. www.rovbase.no
Desse opplysningane vil vera grunnlaget når Fylkesmannen handsamar søknader om erstatning.

Søknader om erstatning:

Det er Fylkesmannen som skal kontaktast ved spørsmål om forvaltning av rovvilt og erstatning for skade påført av freda rovvilt. Søknader om erstatning skal sendast Fylkesmannen innan **1. november** same året skaden er registrert.
Elles er forvaltning av rovvilt tillagt Rovviltnemnda i region 1(Vest Agder, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane) og Miljødirektoratet.
SNO har ikkje forvaltningsansvar i høve rovvilt.

Spor og DNA frå rovvilt.

Ved funn av spor etter ein av dei 4 store rovviltartane våre, er det fint om du tek bilde av sporet og legg det inn i databasen for rovviltobservasjonar: www.scandobs.no, slik at observasjonen din vert registrert.
Ta bilde vinkelrett ovanfrå og eit bilde av sporrekka. Bruk målestokk i bildet.
De kan òg eventuelt kontakta ein av våre rovviltkontaktar for hjelp.
Ved funn av DNA-spor, ekskrement eller hår, kan dette analyserast for art og individ.
Bruk ein rein plastpose eller liknande. Unnlat å ta på prøven, legg den i frys og ta kontakt med ein av våre rovviltkontaktar for vidare oppfølging.

Rovvilt i Sogn og Fjordane i 2013.

Fram til 31.12.2013 er det registrert 111 kadaversaker på beitedyr i Sogn og Fjordane. 51 saker er registrert med ukjent årsak, 20 som ikkje rovvilt, 4 til rev, 1 til hund, 2 som ulukke og ein til sjukdom.

Til dei ulike artane av freda rovvilt fordeler kadaversakene i perioden 2009-2013 seg slik:

Art	2009	2010	2011	2012	2013
Bjørn	0	6	0	0	0
Jerv	59	16	13	0	20
Ulv	0	0	0	0	0
Gaupe	19	5	4	1	0
Kongeørn	25	11	12	13	11
Freda rovvilt	0	0	0	0	1
Sum	**103**	**38**	**29**	**14**	**32**

Rein-Arne Golf
-Regionalt rovviltansvarleg- Statens naturoppsyn-Aurland
Fjordsenteret
5745 Aurland
Tlf: 480 94 364
E.post: rein-arne.golf@miljodir.no

ÅRSMELDING FOR GEIT I VEKST 2013.

Geit i Vekst starta 1. januar 2007 som eit treårig prosjekt.

Prosjektet var retta inn mot geitehaldet og omfatta dei tre fylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

I løpet av første året vart prosjektleiar spurd om å ta på seg Tinerådgjevar jobben for geitehaldarane i indre Sogn. Jobben var stipulert til 20 % stilling og medførte at prosjektet vart forlenga med eit halvt år, finansiert av Tine, d.v.s. fram til 1. juli 2010.

Prosjektet var etter kvart etterspurd i heile «geite-norge» og aktiviteten vart så stor at det var uråd å avslutte etter tre år.

Under første halvår 2010 blei det sett i gong arbeid for å få forlenga prosjektet ytterlegare.

Dette resulterte i at prosjektet vart forlenga fram til 31.12.2013.

I samband med at prosjektet blei forlenga blei også finansieringa endra noko. I budsjettet vart det lagt inn sal av tenester til Friskare geiter med kr 50.000,00 og sal av bygningsplanlegging utanom prosjektområde med kr 40.000,00

Den store aktiviteten både på sjukdomssanering og bygging har gjort at det har gått greitt å nå

tala som var føresett i budsjettet.

Bygningar til geit:

Det vart gjennomført «berre» 7 gardsbesøk for bygningsplanlegging i 2013 men den store satsinga på fornying av driftsbygningar fekk verknad også i år då eit stort tal sake frå besøk i 2012 først vart tid til å jobbe vidare med i 2013.

Også i år har prosjektleiar gjennomført turar med geitehaldarar for å besøkje gardsbruk kor det nyleg er investert i driftsbygningen. Slik har dei fått sett ulike løysingar og fått diskutert løysingane som er valt.

Eit stort tal bygningsplaner, kostnadsoverslag og driftsplaner som måtte bli ferdige til søknad om finansiering hos Innovasjon Norge gjorde dei første månadane av 2013 svært hektiske. Ved hjelp av sers godt samarbeid med Innovasjon Norge klarte ein likevel å få med alle planane.

Sjukdomssanering:

Ei viktig målsetjing då Geit i Vekst starta, var å oppnå ein frisk geitepopulasjon i regionen

Det har frå prosjektet si side vore satsa mykje på å nå dette målet.

Under jordbruksforhandlingane i 2012 vart det bestemt at siste frist for å starte sjukdomssanering i regi av Friskare Geiter var ved utgangen av 2013. Dette førte til svært stor aktivitet både på planlegging av sanering og på bygningsplanlegging. Det førte også til ein ekstra stor etterspørsel etter «friske» liv-kje som prosjektleiar fekk i oppdrag å skaffe. Også i 2013 har det vore gjennomført både større og mindre møter der sanering har vore tema. Geitehelg i Jølster var eit av slike møter.

For mange var saneringa ei kjempestor utfordring med svært mykje arbeid og stress og betydelege investeringar. Prosjektleiar vil rose geitehaldarane for eit godt samarbeid og for den store innsatsen som er lagt ned i dei mange geitefjøs. Takka vere ei haldningsendring dei to tre siste åra blant ein del geitehaldarar der ein gjekk frå å vere lunken og kanskje negativ til saneringa over til ei haldning som gjekk på at dette skal vi klare, så har det gått utruleg bra.

I løpet av 2013 og 2014 vil alle geiteflokkane i landet som skal halde fram å levere mjølk vere sanerte. Ein geitepopulasjon fri for CAE, byllesjuke og paratuberkulose er unikt i verdssamanheng.

Kjekjøt:

Samarbeidet med Nortura er godt og prosjektleiar har jobba saman med Nortura om vilkåra for kjekjøt-produksjon også i 2013. Våren 2011 vart det gjennomført ein salskampanje

ved 8 -10 butikkar i Oslo området. Kampanjen var vellukka og danna grunnlaget for halde fram. For 2013 vart det skreve avtale med produsentar for levering av ca 600 kje som skulle ut i butikk i veke 15 og 16. Avtaletillegget for 2013 var kr 5,00 per kg.

Salskampanjen vil bli gjennomført også i 2014 og avtaletillegget er auka til

kr 15.00 per kg. 600 kje er sjølvsagt ikkje allverda når potensialet er fleire tusen kje for kjøttproduksjon. Det er likevel grunnlag for litt optimisme så lenge Nortura held fram med desse kampanjane, kanskje kan dette vere starten på noko større på litt sikt.

Litt om utviklinga i bruksstruktur m.m.:

2013 var altså siste året med prosjektet Geit i Vekst. Konklusjonen er at det har skjedd langt meir i prosjektperioden enn ein kunne tenkje seg på førehand. Særleg gjeld dette sjukdomssanering og fornying av driftsapparatet. Den store investeringa i fornying, modernisering og utviding av driftsbygningane manglar sidestykke og har ført til at geitehaldet står godt rusta for framtida. Det er eit faktum at tal bruk med produksjon er redusert i perioden samstundes som dei frigjevne kvotane er seld eller leigd ut. Dette har ført til større produksjon på dei attverande bruka og har danna grunnlag for at den store satsinga på modernisering av driftsbygningane kunne gjennomførast.

Tabellane under syner utviklinga i disponibel totalkvote per fylke og samla for landet, og utviklinga i tal foretak og disponibel kvote per foretak.

Utviklinga av total kvote per fylke og per foretak 2007 - 2013

Fylke	2007	2013	Endring	Foretak
Hordaland	1479960	1499430	+ 19470	39/28
Sogn og Fjordane	3794281	3400178	- 394103	82/56
Møre og Romsdal	2860553	3029499	+168946	47/30
Landet	**22876074**	**22762803**	**- 113327**	**479/332**

Fylke	2007	2013	Endring	% auke
Hordaland	37947	49551	+ 12004	31,63
Sogn og Fjordane	46271	60717	+ 14446	31,22
Møre og Romsdal	60862	100983	+ 40121	65,92

Førde 31.12.2013.

Ola Søgnesand

-prosjektleiar-

Ragnhild Ola Odd Bjarne

Referat

Årsmøte "Sogn og Fjordane Sau og Geit"

Tidspunkt: 15. - 16. Februar 2013

Stad: Skei Hotell, Jølster

Representantar frå lokallag : 35 Lokallag representert med stemmerett 40 Røysteføre

Representantar frå styret : 5 + møteleiar

Innleiarar: 5

Valnemd: 1

Gjester: 9

Leiar Håvar Øyrehagen ønskte møtelyden, gjester, føredragshaldarar velkomne.
Som innledning til årsmøtet orienterte Håvard litt om året som har gått, styresamansetning, kva saker ein har jobba med og utfordringar.

Innlegg:

- **Sau og geit som næring – Jan Heggheim, Fylkesdirektør næring.**
  Snakka om næring, folketalsutvikling, utdanning, verkemiddel. Har sett på utviklingstrekk i jordbruk. Mykje av jordbruksarealet i Sogn og Fjordane er i drift, men tal aktørar som driv desse areala har gått mykje ned. Synte statistikk ut i frå spørreundersøkelse. Landbruket er viktig for matproduksjon, sysselsetting i industrien.Verdiskapsplanen – Matproduksjon, Fritidsbehov. Samdrifter blir kraftig diskriminerte. Kan ein ved ulike prosjekt skape ei positiv næringsutvikling, så er dette positivt. og ein vert betrakta som innovative.

- **NSG sett frå hovedstyret – Ove Holmås, styremedlem NSG**
  Orienterte i frå NSG sentralt, om finansiering av avlsarbeid, medlemstal, medlemverving, der han framheva Gloppen sau og geit som har gjort ein framifrå jobb siste året. Det ligg endå eit stort potensiale med over 500 saueprodusentar som ikkje er medlemmer i Sogn og Fjordane. NSG selde bygget sit i Parkveien og flytta til Ås. Dette var ein genistrek. Styremøter foregår stort sett med 2 dagars møter, ellers nokre telefonmøter. Viktige saker NSG jobbar med går blant anna på: Rovdyr, ulike høyringssaker, klyppekurs som ein til no har fått midlar til gjennom staten, dette er slutt på no. Lokallaga må jobbe med dette. Jordbruksforhandlingane, betre økonomi. Underdekning av norsk produsert lammekjøtt. Ein må få gjort noko med tilskudssystemet. Husdyrtilskudd i mellomgruppa, styrke beitetilskudd utmark. Framhalde satsinga på friskare geiter. Er bekymra for nedgongen i sauetalet. Meiner ein må sjå på lagsstrukturen, det er kanskje for små lokallag til å få til godt sauemiljø. Somme stader kunne det være fornuftig å slå i saman til større lokallag. Ynskjer seg meir press og engasjement frå lokallaga for å opp gode saker i gjennom organisasjonen.

- **NSG sett i frå fylkeslag, Tor Grøthe – Fylkesleiar i Buskerud Sau og Geit**
  Fortalde i frå Buskerud sau og geit. Har hatt konfliktsituasjoner innmark / utmark, rovdyr spesielt Gaupe. Fokuserte på å nytte utmarksressursane. Det ligg store fjellvidder som ikkje vert nytta. Det er viktig at det vert lagt til rette for at ein kan drive med sau og nytte utmarksressursane. Fokus på avl, helse og at dyreeigarar har eit ansvar for dyra sine og at dei vert stelte rett. Mange stader har ein store rovdyrproblem med Gaupe. Ein del område har organisert seg med gode jaktlag og greier å ta ut kvotejakta på Gaupe (sist sesong – 20 gauper). Gaupa må ein berre akseptere at skal være i faunaen i Buskerud. Populasjonen med ørn ligg godt over bestandsmålet.Ørna er hard på små lam. Næringa må prøve å utnytte potensiale som ligg utmarke. Fjelllandbruket må meir i fokus. Buskerud sau og geit skal arrangere NM i saueklipping til hausten. Ta med ungdommen ut på studieturar for inspirere dei som vil sastse. (nemnde Oppdal). Prosjekt som får kommunen til å bære fram veksten i næringa er viktig. Prøve å engasjere jordbrukssjefar i kommunar. Stimulere til vekst, utnytte tomme fjøs. Mange stader har ein store utfordringar i høve gjerding. Snakka om kartlegging av beiteressursar, vekselvis beiting storfe og småfe, utdanning, rovdyrforvaltning.

- **NSG sett i frå lokallag. Kjell Mardal – leder Gloppen sau og geit. Vidar Sandal – leder Breim sau og geit.**
  Kjell Mardal, Gloppen sau og geit. Fortalde litt om aktiviteten i lokallaget. Gloppen sau og geit har lege litt nede. Laget hadde for eit par år sidan liten aktivitet. Siste året har ein i frå lokallaget prøvd å auke aktiviteten gjennom, fjøsmøte, felles kåringssjå på Fjordhestgarden, Matamål på Sandane, Gjetarhundoppvisning, Klippekurs, Fjelldag. Har auka medlemstalet med 10 medlemmer siste året. Sentralt i NSG snakkar ein om verving. Skal ein verve medlemmer må ein ha noko å tilby. Har ein noko å tilby så er det også lett å få med folk.

  Vidar Sandal, Breim Sau og geit. Lokallaget i Breim låg siste 4 åra nesten heilt nede. Skal ein være lokallagsledar må ein gå inn for det. Lokallaget har greid å skape engasjement og kveikt gløden i både unge og gamle. Alle lokallag må lage seg mål. Har no greid å sprengt barrierar på å samle fleire i eit lag med god aktivitet til tross for lengre kjøyreavstandar. Viktig å stimulere til glede og samhold, skape felles plattform i næringa. Breimningane ser muligheter og vil opp og fram. Skapar ein noko som er interessant så samlar ein seg fleire. Få med den yngre garde. Kanskje har ein vore litt krasse med fylkeslaget. Det og skape noko i eit lokallag gledar meg voldsomt.

- **Jordbrukstingingar 2013**
  Sogn og Fjordane sau og geit har prioritert viktige punkt som må spealast inn. Årsmøte har fått klare signal om å spisse framlegga med begrunningar og fylkesstyret har fått fullmakt til å spisse dette framlegget. Forslaget frå Geit går slik det er oppsett.

- **Lokallaga sin time.**
  Vidar Sandal , Breim sau og geit saknar litt meir frå fylkesstyret på satsing ut mot lokallaga.
  Gunn Sande, Selje, kunne ynskje meir samarbeid mellom lokallaga og fylkeslaga.
  Kjell Olav Kusslid, Førde sau og geit engasjerer seg i prisløypa og har sendt innspel til Nortura.
  Mirjam, Selje sau og geit, vi har hatt middelalderfestival og har hatt fokus på småråsene. Har også fokus på tap av dyr på beite og nytting av beiteressursar.

Årsmøtesaker:

Tal røysteføre: 40 godkjente frå lokallaga og 5 frå styre og møteleiar, gjester, innleiarar

Sak 1. Godkjenning av innkalling og sakliste og foretningsorden: Godkjent
- **Val av møteleiar.** Ingolf Folven
- **Tal røysteføre, innleiarar, gjester, andre**

Sak 2. Val av 2 til å skrive under møteboka. Gunn Sande og Vidar Sandal

Sak 3. Årsmelding 2012 (Årsmelding godkjent med rettelse på etternavnet til Jon Hegdal.
- Arbeid i styret
- Fjelldag med fagtema Flått og Alveld
- Kurs i kadaversøk med hund
- Leiarsamling
- Det er starta opp eiga geitegruppe
- Velferd i lamminga
- Høyringsuttaler.
- Minnepokalar.

Årsmeldingar frå undergruppene

Årsmelding frå Avlsutvalet. (Audun Nedrebø) Samrøystes godkjent
Kjell Olav Kusslid. Kommenterte vraking grunna ull på kåring. Kva tenker avlsutvalet om dette her ? (Audun svarte) Vi var nok strengare før, men har lagt oss på same praksis som andre stader og godtek noko dauhår. Ulla på Crossbred er ikkje noko problem då ca 90% går i C1, men på spel er det vanskelegare.
- Vert kvaliteten svekka når det berre 1 dommar på sjåa på dei minste ? Trur ikkje det så lenge det er høveleg antal lam å bedømme.
- Er det mogeleg å starte nye væreringar? Kan sitte litt langt inne, men det er berre å prøve.
- Ingolf Folven kommenterte at ein må være forsiktig med oppheving av soner. Vidar Heggheim meiner ein bør oppretthalde eksisterande soner då vi får tilgong til semin.

Årsmelding frå Gjetarhundutvalet. (Kurt Magne Fardal) Samrøystes godkjent

Årsmelding frå Geit i vekst. (Ola Søgnesand) Samrøystes godkjent

Tidenes beitesesong ! Håvard Øyrehagen gjekk igjennom denne meldinga då Liv Astrid Norheim Kusslid ikkje kunne møte. Gjekk gjennom statistikken på nedgong i sauetalet i Sogn og Fjordane som ser dyster ut.

SNO ! Håvard Øyrehagen gjekk igjennom denne meldinga frå SNO. Viktig å få dokumentert spor og kadaver.

Informasjon ! Årsmøtereferat frå Årsmøte 2012. Rettelse på side 34 under Sak 8 Budsjett. Her skal inntekter og utgifter balansere med 477 000 kroner.

Årsmeldinga er ellers utfyllande og god. Årsmeldinga vart godkjent med dei merknadene som er komne.

Sak 4. Rekneskap og revisjonsmelding 2012

Årsoverskot	kr	19 262,90
Saldo 31/12 – 2012	kr	472 213,-

Rekneskap er revidert og samrøystes godkjend.

Styret fekk applaus for godt resultat.

Sak 5. Arbeidsplan Sogn og Fjordane Sau og Geit 2013

Møteplan månad for månad

Andre saker styret bør jobbe med:

- Årsmøter
- Medlemsverving, mål 10% auke = 2-3 medlemmer/lokallag
- Radiobjølle
- Rekruttering
- Tap av dyr
- Kontaktmøte rovvilt
- Fokus på næringa (dyretal, beite, bygg mm.)
- Fagtur
- Arrangementskalender på nettsida for lokallaga og fylkeslaget.

Det vart kommentert av Jostein Flatland at årsmøtesakene godt kunne være 2 dagen for å bli litt meir varm i forsamlinga, dernest bør årsmeldinga komme ut litt tidlegare.

Vidar Sandal kommenterte at fylkesstyret bør jobbe tettare opp mot lokallaga.

Lars Nesse, godt mogeleg at det kunne vore laga ein tur på våren ute med kysten og ein fjelldag i august inne i landet.

Arbeidsplana vart samrøystes godkjent med dei innspela som er innkomne.

Sak 6. Innkomne saker

- **Organisering av avlsutval sau.** Lars Nesse. Frå styret i Sogn og Fjordane sau og geit, ser vi det som ynskjeleg at avlsutvalet får litt utvida arbeidsoppgåver. Dette må det nye styret og det nye arbeidsutvalet verte samde om.

  Lars Nesse, ynskjer synspunkt på korleis ein kan sette i saman eit avlsutval i Sogn og Fjordane. Audun sa det er forslag om 2 representantat frå kvart fylke som går inn i eit regionautval. Det bør være 1 representant frå værring og 1 frå bruksbuskap. Intensjonen i NSG er at desse 2 kan være eit avlsutval for fylket. Det ligg forslag om 2 representantar frå Vest. Og at aust vert delt i 2.

  Desse 2 representantane skal være ansvarelege får kåringane og spreie avlsframgong. Halvar Espeset hadde sett føre seg represenantantar frå alle væreringane. Gunn Sande meiner styret bør få fullmakt til å komme med forslag på nytt avlsutval. Lars Nesse, her må vi ha ein balansegang om å danne eit avlsutval som kan danne eit avlsutval bestående av folk frå både ringar og bruksbuskapar.
  Årsmøtet gav fylkesstyret fullmakt til å godkjenne organisering av avlsutvalet og avklare eventuelle endringar.

- **Organisering av gjerethundutvalet.** Kurt Magne Fardal kom med framlegg for korleis ein ser for seg organisering i gjetarhundnemnda.

Årsmøte i Sogn og Fjordane sau og geit går inn for at gjetarhundmiljøet i fylket får organisere seg i regionvise lag. Gjetarhundnemnda jobbar vidare med forslag til organisering som vert lagt fram for styret. Styret i Sogn og Fjordane Sau og Geit får med dette fullmakt av årsmøte til å godkjenne ei eventuell endring i organisering. DET VERT PRESISERT AT DET HER IKKJE ER SNAKK OM NOKO FORM FOR LAUSRIVING FRÅ SOGN OG FJORDANE

SAU OG GEIT. Endeleg løysing som er valgt skal referast / informerast om på neste årsmøte i Sogn og Fjordane Sau og Geit. Kurt Magne Fardal, leiar gjetarhundnemnda.

Sak 7. Budsjett 2013
Eit totalbudsjett: Inntekter på kr 532 000.- og Utgifter kr 532 000,-
Det vart gitt rom for å auke sekretærgodtgjersle til 7000.-/år og til å kjøpe inn bærbar PC og printer til sekretær

Budsjettet for 2013 vart godkjent.

Sak 8. Val.
Kommentar før valet:

- Jostein Flatland frå Sogndal kommenterte at det må være uheldig at ein ny fylkesleiar ikkje set meir enn 1 år, grunna uro i blant medlemmane.
- Ein stilte spørsmål om valnemnda var organisert som ein klikk.
- Gunn Sande kritiserte valnemnda om at ho har blitt åtvart om å komme med motkandidat til leiarvervet. Dette er barnsleg oppførsel. Kom med motkandidat på Geir Ole Ervik som leiar.
- Inge Erikstad støttar valnemnda si innstilling på Ragnhild Sæle.
- Ingolf Folven tek avstand frå press ut mot medlemmer som vil hevde sin demokratiske rett.

Tillitsvalde i Sogn og Fjordane Sau og Geit for 2012

Styre for 2013
Ragnhild Sæle, Jølster (Ny leiar) (Ragnhild Sæle 24 , Geir Ole Ervik 14, 2 blanke)
Lars Nesse, Lærdal (nestleiar for 1 år 35 stemmer) Attval (36 stemmer)
Lene Engvik Rasch, Aurland (sekretær) Attval (34 stemmer)
Rune Myklebust, Olden (styremedlem)
Eva Høydal, Kvammen

Varafolk
Kjell Olav Kusslid, Førde (1.vara)
Margrethe Garlid, Stryn (2.vara)
Vidar Sandal, Breim (3.vara)
Mirjam Friberg, Selje (4.vara)

Revisorar

Magnar Juklestad, Jølster	Magnar Juklestad attval 1 år
Inge Erikstad, Jølster	Inge Erikstad attval 1 år

Vararevisor: Ove Årdal, Jølster og Jon Helge Sandal, Jølster

Godtgjersle til leiar, skrivar og møtegodtgjersle for 2013

Desse satsane vart vedtekne:

Godtgjersle til leiar	kr 11000.-	uendra
Godtgjersle til sekretær,	kr 7000.-	Ny
Møtegodtgjersle pr møte uendra	kr 1000.- pr møte	uendra
Telefon til leiar, uendra	kr 3000.-	uendra
Telefongodtgjersle til sekretær	kr 1500,-	uendra
Køyregodtgjersle	(Etter statens regulativ)	Ny
Passasjergodtgjersle	(Etter statens regulativ)	Ny

Sak 9. Val av utsendingar og varautsendingar til årsmøte i NSG:
(Utsending 1) Ragnhild Sæle
(Utsending 2) Lars Nesse
(Utsending 3) Rune Myklebust (Rune stemmer 36 - Audun Nedrebø 4 stemmer)
(Utsending 4) Tom Idar Kvam

Varautsendingar
(Vara utsending 1) Vidar Sandal
(Vara utsending 2) Eva Høydal
(Vara utsending 3) Lene Engvik Rasch
(Vara utsending 4) Margrethe Garlid

Sak 10. Val av møteleiar for årsmøte 2014: Halvar Espeset, Askrova
Vara møteleiar Johan Berge, Oppstryn

Sak 11. Val av valnemd for 2014

Dag Arne Helle (2 år) (Leiar)
Marit Henjum Halsnes (1 år suppleringsval)
Åse Leirgulen (3år)

Vara til valnemnda:
Linda Alsaker
Sigurd Vikesland

Håvard Øyrehagen takka for seg og runda av årsmøtet og takka for godt gjennomført årsmøte
Takka Ola Søgnesand, Helga Kvamsås og Johannes Nedrebø for støtte fylkeslaget får med årsmøtet.
Ragnhild Sæle takka for tilliten som ny fylkesleiar.

Referent	Sign	Sign
Johannes Nedrebø	Vidar Sandal	Gunn Sande

Referent: Johannes Nedrebø

MEDLEMSINFO MARS 2013

STYRET I SOGN OG FJORDANE SAU OG GEIT 2013:

Leiar: Ragnhild Sæle, Ålhus, 6847 Vassenden Tlf. 416 33 342
e-post: leder.sognogfjordane@sauoggeit.no

Nestleiar: Lars Nesse, 6888 Borgund Tlf. 906 79 263
e-post: larsnesse@sogn.no

Sekretær: Lene Engvik Rasch, 5745 Aurland Tlf. 977 36 176
e-post: sekr.sognogfjordane@sauoggeit.no

Styremedlem: Eva Høydal, 6983 Kvammen Tlf. 970 64 424
e-post: evadal2009@hotmail.com

Styremedlem: Rune Myklebust,6791Oldedalen Tlf. 959 23 253
e-post: rumykleb@online.no

Lars Nesse skal ha ekstra fokus på rovdyr.

Eva Høydal skal ha ekstra fokus på gjetarhund.

Rune Myklebust skal ha ekstra fokus på geit

Vara:

1. Kjell-Olav Kusslid, Haukedalen
2. Margrethe Garlid, Stryn
3. Vidar Sandal, Breim
4. Mirjam Friberg, Selje

Utsendingar til landsmøte i NSG 2013:

1. Ragnhild Sæle
2. Lars Nesse
3. Rune Myklebust
4. Tom Idar Kvam

Vara:

1. Vidar Sandal
2. Eva Høydal
3. Lene Engvik Rasch
4. Margrethe Garlid

NYTT AVLSUTVAL SAU

Leiaren i avlsutvalet i fylket, Audun Nedrebø, har som kjent varsla at han ikkje tek attval. I det høve ønskjer styret i SFSG å sjå på organiseringa av avlsutval sau. Det går både på tal medlemar og utvida mandat.

I tillegg til at avlsutvalet skal:

- Vere ansvarleg for kåringane
- Spreie avlsframgongen
- Er det og ønskjeleg å gje avlsutval sau eit litt utvida mandat. Dette må styret i SFSG og det nye avlsutvalet verte samde om.

I høve utnemning av nytt avlsutval sau, ønskjer styret i SFSG å få innspel frå **lokallaga** på aktuelle kandidatar, **frå bruksbesetningane**, til avlsutvalet.

Væreringane er oppfordra om å komme med framlegg på kandidatar, frå ringane.
Innspel på kandidatar, sendast **sekr.sognogfjordane@sauoggeit.no INNAN 17. MARS.**

HEIMESIDE

Ein del lokallag har fått oppretta eiga heimeside. Lag som ønskjer å få oppretta eiga heimeside, men som ønskjer hjelp til dette, kan ta kontakt med Jonny Lofnes

tlf. 970 63 034 eller e-post: jonny@lofnes.no.

Etter at ein har fått på plass heimeside, må den oppdaterast. Dette er noko som ikkje alle har like mykje erfaring med. Dersom det er ønskje om det, vil SFSG prøve å få til opplæring/kurs i "oppdatering" av heimeside. Dei som ønskjer slik opplæring kan ta kontakt med Jonny Lofnes eller leiar.

"DET SKJER " KALENDAR

Styret i SFSG ønskjer å ta i bruk aktivitetskalendaren som ligg på heimesida til fylkeslaget. Her ønskjer vi å legge inn alle arrangement/aktivitetar som vert arrangert av fylkeslaget, avlsutval sau, gjeterhundnemnda og lokallag. Styret oppfordrar med dette **alle lokallag** som har arrangement, som andre enn eigne medlemar kan delta på, om å sende inn informasjon til jonny@lofnes.no. Jonny Lofnes er ansvarleg for oppdatering av aktivitetskalendaren og resten av heimesida.

GEIT

Sunnfjord og Sogn var det området i Norge som leverte den aller beste geitemjølka i 2012. **VI GRATULERER!!**

Mjølka frå to av produsentlaga i region vest, heldt 100% elitemjølk i 2012. Dette var Askvoll og Harøyfjorden.

Samla for landet heldt 90,6% av geitemjølka dei strenge elitemjølk krava. Ein framgang på heile 12 prosentpoeng. Dette takka god jobb frå geitebøndene, sanering, genendring og god rådgjeving frå Tine.

No gjeld det å få fart på marknadsføring og sal av geitemjølk produkta.

ÅRSRAPPORT 2012/TILLITSVALDE 2013

Styret ber dei lokallaga som ikkje allereie har sendt inn rapporten, om å gjere det innan 10. mars. Årsrapportane skal sendast til sekr.sognogfjordane@sauoggeit eller til Lene Engvik Rasch, Otternesvegen 4, 5745 Aurland

For SFSG

Ragnhild Sæle

- leiar-

MEDLEMSINFO JUNI 2013

LANDSMØTE I NSG 13. -14. MARS 2013

Sigurd Vikesland, Aurland, vart valt inn som fast styremedlem til styret i NSG.

Ragnhild Sæle, Jølster, vart valt inn som varaordførar i Representantskapet.

Kjell Mardal, Gloppen, vart valt inn som nestleiar i valnemnda.

Kjell Mardal vart premiert under festmiddagen, som ein av dei beste vervarane i 2012, og fekk kamera.

Dagfinn Kvamme, frå Lærdal, fekk overrekt pris som vinnar av Lammekampen 2012.

Som følgje av at leiar i SFSG, er varaordførar i Representantskapet, vil nestleiar representere SFSG på Representantskapsmøte 24.10.13.

FAGTUR 15. OG 16. JUNI 2013

SFSG utfordra Kyrkjebø Sau og Geit til å lage eit opplegg/program for ein fagtur på Høyanger sørside, då dette er eit område som SFSG ikkje har besøkt tidlegare. Kyrkjebø Sau og Geit tok utfordringa, og har laga til eit interessant og variert program.

Lørdag 15.

Turen startar med buss frå Oppedal kl. 12.00.

12.45 Osland matøkt

14.00 Ortnevik, den austlegaste bygda på Høyanger sørside der vi vil besøkje altmoglegmannen Anders Brekke.

15.15 Kveiteoppdrett i Slantevik

16.30 Østerbø maskin stiller med folk for omvisning i si bedrift

18.30 Brekkestranda Fjordhotell for middag og overnatting

Søndag 16.

10.00 Besøk på geitebruket til Terje Vedå på Kringla

11.30 Kulturlandskapspleie med sau på Sætre

12.30 Massnes villmarksmuseum der vi får oss ein matbit.

I løpet av turen vil vi få informasjon om "Pilotprosjektet" som er starta opp på Høyanger sørside vedrørande alveld. Dette er eit prosjekt som det vil verte svært interessant for SFSG å følgje. **Astrid Sandvik vert med på turen.**

Pris: Overnatting inklusiv middag og frokost: kr. 1100,- pr. person i dobbeltrom

kr. 1400,- pr. person i enkeltrom

Massnes villmarksmuseum: Inngangsbillett kr 50 i gruppe (15) eller kr 60 for enkel. Kr 40 for kaffi og ein vaffel.

SJÅ HEIMESIDA: www.nsg.no/sfsg/ for meir informasjon

PÅMELDING INNAN TIRSDAG 11.JUNI til Lene Engvik Rasch tlf. 977 36 176 eller sekr.sognogfjordane@sauoggeit.no

NYTT AVLSUTVAL SAU FRÅ 01.07.13

Tom Idar Kvam, leiar

Einar Helge Haugstad, Kåringsansvarleg

Kjell Olav Kusslid, (bruksbesetning)

Lars Nesse, nestleiar (representant frå styret i SFSG)

Johannes Nedrebø (Nortura)

Vara:

1. Leif Tore Kårstad
2. Kjell Mardal
3. Olav Tiemann Hegg

Styret i NSG har oppnemnt Ivar G. Slettemoen, frå Buskerud, som ny leiar for Avlsrådet for sau frå 01.07.13. Personleg vara: Ove Holmås (styremedlem NSG).

LEIARSAMLING

Det vert leiarsamling i lag med Møre og Romsdal Sau og Geit 25.10.13 – 27.10.13, i Sæbø. Hovudtema vert landbruksforsikring og innspel til jordbruksforhandlingane 2014. I tillegg vert det innlegg ved nokre av samvirkeorganisasjonane og lokallaga sin time. Det vert båttur på fjorden og omvisning på Bjørke kraftstasjon m.m. Vi kjem attende med meir informasjon når det nærmar seg, men sett av datoane.

HELSE OG VELFERD I LAMMINGA

Alle lokallaga har fått tilbod om DVD'en "Helse og velferd i lamminga". I skjemaet som ein skulle nytte ved tinging av DVD'en stod det at ein ved å sende inn tinginga ville DVD'en komme i posten og "ein liten sum penger inn på konto". Det siste har vore litt missvisande. Føresetnaden for å få utbetalt kr 1000,- er at lokallaget har brukt DVD'en til kurs, som må gå over to kveldar. Deretter skal det sendast inn eit rapporteringsskjema til SFSG, der kursdatoar og namn på kursdeltakarane m.m skal vere ført opp. Rapporteringsskjemaet sendast Sogn og Fjordane Sau og Geit v/Lene Engvik Rasch, Otternesvegen 4, 5745 Aurland eller sekr.sognogfjordane@sauoggeit.no, så vil støtta på kr 1000,- verte utbetalt.

Dersom der er lokallag som ikkje har fått DVD'en, men som ønskjer den: Ta kontakt med Lene.

MEDLEMSVERVING

I arbeidsplana for 2013, som vart vedteken på årsmøte, er det eit mål om ein medlemsauke på 10% som vil sei 2 – 3 nye medlemer pr. lokallag. Vi oppfordrar lokallaga til å gjere ein innsats når det gjeld medlemsverving. Kven vert beste vervaren i 2013? Det vil vi få svar på, på årsmøtet i 2014.

"DET SKJER" KALENDAR

Styret i Sogn og Fjordane Sau og Geit oppfordrar alle lokallaga, gjeterhundnemnda, avlsutval sau, gjeterhundlag og andre som har arrangement som kan ha interesse for småfehaldarane, om å sende informasjon til jonny@lofnes.no, så vil han legge det ut på aktivitetskalendaren. Jonny er og ansvarleg for oppdatering av resten av heimesida.

Dersom der er lokallag som ønskjer hjelp med å få oppretta eiga heimeside, så kan dei ta kontakt med Jonny Lofnes tlf. 970 63 034 eller på e-post: jonny@lofnes.no

ÅRSRAPPORT 2012/TILLITSVALDE 2013

Styret manglar fortsatt ein del rapportar, og ber dei lokallaga som ikkje har sendt inn, om å gjere det omgåande. Årsrapportane skal sendast til sekr.sognogfjordane@sauoggeit eller til Lene Engvik Rasch, Otternesvegen4, 5745 Aurland. **Dei skal sendast inn, sjølv om det ikkje er endringar i høve forrige år.**

Minner og om at årsmøte må haldast så snart som råd, i dei lokallaga som enda ikkje har hatt årsmøte.

ARRANGEMENT I REGI AV LOKALLAG

Det vert arrangert fjelldag lørdag 10. august. Turen går frå Stardalen i Jølster, over Oldeskaret til Oldedalen. Turen vert arrangert av Oldedalen Sau og Geit/Jølster Sau og Geit. Det vil verte lagt ut informasjon på heimesida til lokallaga/fylkeslaget og på aktivitetskalendaren etter kvart.

JORDBRUKSFORHANDLINGANE 2013

Legg ved "Resultatsamanstilling vedrørande småfe" som ein har mottatt frå NSG. Den kan vere grei å ha, når ein skal studere resultatet frå forhandlingane i år, og den kan vere god å ha når vi skal sjå på innspel til jordbruksforhandlingane 2014.

ROVVILT /BEITE

I vinter er det teke ut 4 jervar på ekstraordinært uttak i Luster. Den eine var rett over grensa til Oppland. Dette individet har ein DNA prøve etter så langt ut som i Høyanger. Det er framleis DNA analyse etter minimum to dyr innanfor fylke. Desse vart det søkt om uttak på, men vart avslag i DN. Dette vedtaket er anka til MD.

Overvakinga av ørn er no underlagt SNO. Har nokon mistanke eller opplysningar om reirlokalitetar så meld frå til rovviltkontakten.

Som sikkert mange har fått med seg, vart ei ørn fanga på ulovleg måte i vår. SFSG tek avstand av slike fangstmetodar. Dette er metodar som set både husdyrhaldarar og andre i dårleg lys.

2012 var ein særs god beitesesong. Mange var nok fortvila at det vart seint beite i fjellet. Dette hadde og ei positiv side. Lamma som vart slept var større og tapa vart mindre.

Tenk på dette også i år. Sjå til at dei dyra som blir sendt til fjells er store og livskraftige.

YMSE

Etter ein svært lang og krevjande vinter og vår, for dei fleste av småfehaldarane i fylket, håpar vi at dei fleste no har fått dyra ut på beite. For mange har utfordringane stått i kø, med frose vatn, frose- og kanskje knapt med fôr, lang innefôringsperiode, manglande vårbeite og bøar skada av isbrann. På tross av alle "problema" har småfehaldarane vore kreative til å finne løysningar. No får vi håpe på ein god beitesesong og ein avlingsmessig god sommar.

Styret i Sogn og Fjordane Sau og Geit ynskjer dykk alle ein riktig **GOD SOMMAR.**

For SFSG
Ragnhild Sæle
-leiar-

MEDLEMSINFO SEPTEMBER 2013

ÅRSRAPPORT 2012/TILLITSVALDE 2013

Styret manglar fortsatt ein del rapportar, tross purringar i form av e-postar og telefonar. Dette er eit arbeid som tek mykje tid, og som skulle vere heilt unødvendig. Styret har drøfta dette og vil minne om kva som står i vedtektene for lokallag i NSG:

§13. Årsmøte i lokallag

"Ordinært årsmøte **skal** haldast innan 1. februar **kvart år."** Årsmøte skal mellom anna velje leiar for **eit** år og utsendingar til årsmøte i fylkeslaget, om laget har rett til nokon i tillegg til leiar som er sjølvskriven

§14. Styret i lokallag

j) Årsmelding, rekneskap og strategi-/arbeidsplan skal sendast fylkeslaget.

Dette har styret i SFSG hatt fokus på, i forkant av dei to siste fylkesårsmøta, då dei har sendt påminning til lokallaga om dette. Det har resultert i at ein har fått inn rapportar frå fleire lokallag enn tidlegare, men ikkje frå alle. Årsrapport m.m skal sendast til: sekr.sognogfjordane@sauoggeit eller til Lene Engvik Rasch, Otternesvegen 4, 5745 Aurland, sjølv om der ikkje er endringar i høve forrige år.

Frå og med fylkesårsmøte for 2013, som skal haldast innan 1. mars 2014, skal vedtektene til NSG følgjast. Dei som ikkje har hatt årsmøte før fylkesårsmøte og levert årsrapport, har ikkje stemmerett.

Vedtektene for NSG finn ein på heimesida til NSG. Dei ligg og i lagspermen, som lokallaga fekk for nokre år sidan.

EKSTRA ORDINÆRT LEIARMØTE I NSG 1. AUGUST 2013

Med bakgrunn i den kritiske rovviltsituasjonen som har vore i mange beiteområder vart alle fylkesleiarane, dei øvrige representantskapsmedlemane, styret og utmarksrådet kalla inn til eit ekstraordinært (krise-)møte 1. august. Frå SFSG møtte Sigurd Vikesland, Lars Nesse og Ragnhild Sæle.

Møte vart samd om følgjande krav:

- Skadefellingsuttak av rovvilt må effektiviserast
- Skadefellingsløyver må forlengast i tid og gjevast for større geografiske områder
- Skadefellingsuttak skal ikkje regulerast av reglar for ordinær jakt – dette er uttak og har ikkje noko med ordinær jakt å gjere
- Dokumentert observasjon av rovvilt i prioriterte beiteområder må automatisk utløyse skadefellingsuttak
- Krav til dolumentert skade utløysing av skadefellingsuttak må reduserast forvaltningspraksisen må vere lik over heile landet
- Forebyggjande skadeuttak av bjørn haust og vår på sporsnø

NYTT GJETARHUNDRÅD/NYDOMMARORDNING

Frå 1. oktober vert Gjerarhundrådet utvida til 5 medlemar, som består av leiar og 4 regionrepresentantar. Regioninndelinga er den same som i avlsarbeidet på sau og i opplæring av gjetarhunddommerar. **SFSG ber om innspel på representant til Gjetarhundrådet, frå region vest, innan 20. september.**

I høve ny dommarordning skal SFSG peike ut ein person for å representere fylket i regionutvalet. Regionutvalet skal bestå av ein representant pr. fylke. **SFSG ber og om innspel på representant til regionutvalet innan 20. september. Dette må**

vere ein dommar. Eventuelle innspel på representantar til regionutvalet vert lagt fram for gjetarhundnemnda som skal komme med anbefaling, til styret i **SFSG.**

GJETERHUNDNEMND/LAG

SFSG har hatt ei gjetarhundnemnd som har bestått av 3 medlemar. Ein frå Nordfjord, ein frå Sogn og ein frå Sunnfjord. I løpet av 2013 har ein under Gjetarhundnemnda fått danna 3 gjetarhundlag: Sunnfjord og Ytre Sogn, Sogn og Nordfjord.

SFSG kalla nemnda og leiarane i gjetarhundlaga inn til møte 29. august. Der vart det bestemt at ein innanfor SFSG skulle fortsette med Gjetarhundnemnd. Den skal bestå av leiarane i dei ulike gjetarhundlaga og ein representant frå styret i SFSG, som skal vere leiar med dobbeltstemme. Kven som skal representere styret i SFSG, vil verte bestemt på styremøte 27. september.

LEIARSAMLING

Som nemnt i forrige infoskriv, så vert det leiarsamling i lag med Møre og Romsdal Sau og Geit 25.10.13 – 27.10.13. Det er og høve for andre enn leiarane å delta. Invitasjon m.m vert sendt ut så snart som programmet heilt klart.

AVLSUTVAL SAU

Avlsutvalet har fått utvida mandat, og skal ivareta sauen på lik linje med det geitegruppa skal, når det gjeld geita. Dei skal mellom anna komme med innspel til jordbruksforhandlingane.

LINKAR TIL MEDLEMANE SINE HEIMESIDER

Styret i SFSG har handsama ein førespurnad frå eit medlem, om å få ein link til eiga heimeside, på heimesida til SFSG. Dette har styret sagt ja til, under visse føresetnader:

- Medlemskap i NSG
- Sida skal vere næringsrelatert og knytt til småfenæringa.

Linken vert lagt under "Link" i menyen på heimesida til SFSG. Dette er gratis. Ønskjer ein derimot å ha linken liggande på framsida, må ein betale på lik linje med andre annonsørar.

Medlemar som ønskjer å få lagt ut link til eiga heimeside, må ta kontakt med Jonny Lofnes.

MEDLEMSVERVING

Kven vert beste vervaren i 2013?

Styret i SFSG oppfordrar lokallaga til å gjere ein innsats når det gjeld medlemsverving og minner om at årsmøtet i SFSG gjorde eit vedtak om ein auke på 10% i 2013, dvs 2 – 3 medlemar pr. lokallag.

I høve medlemsverving vil ein minne om at **alle som deltek i aktivitetar i regi av lag/nemnder innanfor NSG, skal vere medlem i NSG**. Medlemskapet er i følgje vedtektene § 3 personleg. Det vil mellom anna sei at alle sauehaldarar som er medlem i verering skal vere medlem i NSG. Det same gjeld dei som vil stille dyr til kåring, eller som vil delta på gjeterhundprøve.

FACEBOOK

SFSG er på facebook og har vore det nokre år, men sida har vore lite brukt dei siste åra. No håpar ein at sida vert brukt meir aktivt framover. Eva Høydal og Jonny Lofnes er administratorar for sida.

KLIPPEKURS

Er det lokallag som har/veit om nokon som er villige til å lære å klippe sau, for klipping for andre? Dersom det er nokre få seriøst interesserte, kan ein klare å lage eit opplegg for desse. Dei som er interesserte kan ta direkte kontakt med Inge Erikstad tlf. 952 38 267 eller

i-erikst@frisurf.no

NM I SAUEKLIPPING

Er der lokallag som kan tenkje seg å arrangere NM i saueklipping? NM i saueklipping er eit stort arrangement som treng god planlegging, og der ein bør møte opp for å sjå, og ta med seg erfaringar frå andre arrangørar. NM 2013 vert arrangert 28. og 29. september på GOL. Så er der lokallag som kan tenkje seg dette, så gje ei tilbakemelding til styret i SFSG. NM er i utgangspunktet ein jobb for lokallag, men som SFSG vil støtte opp om.

GEITEDAGANE 2014

Geitedagane 2014 skal vere i Sogn og Fjordane 22.- 24. august. Endeleg plass er ikkje bestemt enda, men det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal ha ansvar for arrangementet.

KÅRING

Styret i SFSG vil minne om kåringane som snart startar, og oppfordrar dei som er med i sauekontrollen til møte opp på kåringane med dyr.

SANKING

Vi er snart i midten av september månad. Ein del har alt starta med sauesanking, andre skal av stad i næraste framtid. Dette er ei spennande tid, spesielt med tanke på dei meldingane som ein har fått om observasjon av ulv i Bremanger og Stryn, og ikkje minst funn av kadaver i Fjærland og Leikanger som er stadfesta drepne av jerv. Kor mange dyr har jerven tatt i desse områda, og er det berre der den har vore? Ein vil nok ein gong minne om kor viktig det er at ein tek kontakt med SNO, dersom ein finn kadaver/skada dyr.

For SFSG

Ragnhild Sæle

- leiar-

MEDLEMSINFO DESEMBER 2013

ÅRSMØTE

Etter å ha innhenta tilbod frå Gloppen, Sogndal og Skei Hotel, har styret vedteke at årsmøtet vert på Skei Hotel **FREDAG 28. FEBRUAR 2014,** med påfølgjande fagdag laurdag 1. mars.
Vi vil i nok ein gong minne om vedtektene for lokallag i NSG:
§13. Årsmøte i lokallag

"Ordinært årsmøte **skal** haldast innan 1. februar **kvart år."** Årsmøte skal mellom anna velje leiar for **eit** år og utsendingar til årsmøte i fylkeslaget, om laget har rett til nokon i tillegg til leiar som er sjølvskriven.

§14. Styret i lokallag

j) Årsmelding, rekneskap og strategi-/arbeidsplan skal sendast fylkeslaget.

Då utsendingane til fylkesårsmøtet skal vere valde av årsmøtet i lokallaget, vil ein råde til

at det vert valt ein eller fleire vara, i tilfelle dei valde utsendingane ikkje har høve til å møte.

Som nemnt i tidlegar infoskriv, skal vedtektene til NSG følgjast ved gjennomføringa av årsmøtet for 2013. Det er berre dei lokallaga som har hatt årsmøte før fylkesårsmøtet og levert årsrapport, som vil få utlevert stemmesedlar.

INNSPEL TIL JORDBRUKSTINGINGANE

Ein av programpostane på leiarsamlinga var innspel til jordbrukstingingane. Når det gjeld geit, vart det bestemt at «Geit i vekst» skulle, som tidlegare komme med eit felles framlegg frå Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane Sau og Geit. Dette framlegget vart sendt til dei ulike fylkeslaga med tilbakemeldingsfrist 10. desember. Hos SFSG er det «Geitegruppa» som har ansvar for dette innspelet.

Når det gjeld sau, så vart det på leiarsamlinga sett ned ei arbeidsgruppe, med deltakarar både frå Møre og Romsdal Sau og Geit og Sogn og Fjordane Sau og Geit. Denne gruppa kom med ei framlegg, som vart sendt ut til alle lokallaga med tilbakemeldingsfrist. Hos SFSG er det avlsutvalet som har ansvar for å «sy saman» eit felles innspel med Møre og Romsdal Sau og Geit.

Innspela vil verte tekne opp som sak på styremøte i SFSG i januar, og så sendt over til NSG og faglaga. Slik det har vore tidlegare, så har dette vore tema på årsmøtet, med den følgje at innspela våre komme inn etter at NSG og faglaga har gjort arbeidet sitt ferdig.

MEDLEMSVERVING

Årsmøtet i SFSG i 2013, gjorde eit vedtak om ein auke på 10% i 2013, dvs. 2 – 3 medlemar pr. lokallag. Kven har klart dette?

SFSG får ikkje pr. i dag tilbakemeldingar frå NSG om nye medlemar, så vi ber om tilbakemelding, frå dei lokallaga som har verva 3 nye medlemar eller fleire. Vi vil og be lokallaga sjekke medlemslistene sine, når det gjeld medlemar som ein har «mista» i 2013. Der kan vere nokon som har betalt kontingent, men som ikkje har vorte registrert i NSG, som følgje av til dømes feil i kidnummer, ved betaling. NSG har fått innbetalt medlemspengar, som dei ikkje har klart å identifisere. NSG får heller ikkje ført tilbake lokallaga og fylkeslaga sin andel av medlemspengane, før innbetalingane er identifiserte.

SFSG opp fordrar fortsatt lokallaga til å gjere ein innsats når det gjeld medlemsverving.

Kjell Mardal, Gloppen Sau og Geit, var beste vervar i Sogn og Fjordane i 2012. Dette vart markert av SFSG, på leiarsamlinga i oktober. Han var og ein av dei beste vervarane i landet i 2012, noko som vart markert på landsmøte i mars.

KÅRING 2013

Mange av kåringane vert lagt til laurdag, noko som er krevjande for å få dommarkabalen til å gå opp. Ein er bekymra for rekrutteringa av nye dommarar. Her bør lokallaga oppmode potensielle personar til å gå på dommarkurs.

I 2013 var der ein del dyr som vart kåra ved «Gardskåring». Det skal vere «gode» grunnar for å få gardskåring, elles undergrev ein dei ordinære kåringane. Forslag frå avlsutvalet om at dei som skal ha gardskåring, må dekkje dommarkostnadane ved kåringa, i tillegg til kåringsavgifta.

SFSG meinar at dei som skal få kåra lam skal vere medlem i NSG, då dette er eit arrangement i regi av NSG, der lokallaga som skipar til kåringa, gjer dette på dugnad. Kåringsavgifta går si heilheit til avlsutvalet. Eventuelt bør dei betale ei høgare kåringsavgift. Høgare kåringsavgift vil gå direkte til lokallaget som skipar til kåringa. Ved krav om medlemskap vil både fylkeslaget og lokallaget få «sin» del av medlemspengane.

Referat frå møte i avlsutvalet, der dei mellom anna har hatt evaluering av kåringane 2013 som sak, vil verte lagt ut på heimesida til SFSG med det første.

«GEIT I VEKST»

Geit i vekst vert, etter 7 år, avslutta 31.12.13. Ola Søgnesand har vore prosjektleiar i heile prosjekt perioden. Avslutninga vart markert ved «Geitehelg i Jølster» i slutten av november. Prosjektet har hatt stor aktivitet i perioden, med hovudfokus på områda bygningsplanlegging, innandørsmekanisering, mjølkestallar og sjukdomssanering. Målsetninga med prosjektet var fornying av driftsapparatet, sterkare satsing på geitemjølk produksjonen og at vestlandsregionen skulle oppnå å få etablert ein frisk geitepopulasjon. Dette har vore ein tøff periode for geitebonden, med snapping av kje, slakting av buskap og sannering av bygningar, men arbeidet har gitt resultat:

100% elitemjølk levert Tine Vest i oktober 2013. På avl er og våre geitebønder på topp. På førebels indeksliste er 3 av dei 4 beste bukkane av 2011 årgangen frå vårt fylke. Ein Sogndøl er suveren på toppen.

ÅRSMELDINGAR

Styret i SFSG har eit ønskje om å få samla eit komplett sett av alle årsmeldingane, frå laget vart skipa og fram til dags dato. Vi har litt problem med å få oversikt over kor «gamle» protokollar m.m er å finne, men vi jobbar med saka. Dersom der er nokon som har fine eksemplar av tidlegare årsmeldingar, så er styret i SFSG interessert i å få hand om desse. Ta kontakt med Lene Engvik Rasch, Otternesvegen 4, 5745 Aurland eller sekr.sognogfjordane@sauoggeit.no.

ÅRET 2013

Det nærmar seg slutten av 2013. Eit år som starta med ein svært lang og krevjande vinter og vår, med påfølgjande dårlege avlingsresultat i ein del områder. I tillegg fekk vi ein beitesesong som har vore litt ulik, alt etter kor ein har hatt dyra på beite. Nokre har hatt svært gode resultat, medan andre «aldri» har hatt dårlegare dyr, rett frå beite. Når det gjeld rovdyr, så har det vore forholdsvis roleg, med unntak av Fjærland/Leikanger der ein har funne kadaver som er stadfesta drepen av jerv, og kor ein saknar svært mange dyr. Resultata etter beitesesongen 2013 har vi enda ikkje fått frå Fylkesmannen.

No er dei fleste snart ferdig med «veren» og klar får 2014, eit år som vi håpar vert betre enn 2013.

Styret i Sogn og Fjordane Sau og Geit ynskjer dykk alle

EI RIKTIG GOD JUL OG EIT GODT NYTT ÅR.

For SFSG
Ragnhild Sæle
-leiar-

Til eige bruk

Takk til våre sponsora



Takk til våre sponsorar